

## Skoggang

Av Olav Rytter

Eg vima kring i store stille skogar,  
og anda kvåegjem og briskedåm;  
ein solvarm vind  
i bar og bladheng sjoga,  
og myrsig mulla, late åer svåm;  
det flimra kingelvev mot kinn og hender,  
og sola vov i skuggen gylte render,

Jordeim og solyl, kryddedåm og moe  
og heite andepust frå dusen skog,  
det saud i saftsprengd skog  
og sevjug groe,  
og glyekraum sitt far i porsen drog;  
eit ikornpar i elskhugsørske svirrar,  
andbringes fuglepar i lufta dmar.

Ei sevjetung og søt, ei syvjug avmagt  
i sjel og likam flør og ljuvleg rår,  
som det av dulto fløynde  
fram ei havmagt  
og grenselaust mot slørde ævur blar;  
Draumlikt eit kvinnehjal  
or lengdom vildrar  
langt burtan lid,  
som gjennom blåeim hildra

*Haustmotiv frå Norddalsfjord, Sogn og Fjordane.*

## Me ynskjer god målhaust med:

Jonsrockfeiring i Alpane

Tjodlynt ungdomstreff i Ungarn

Fransk monarkisme

Festspelvika og kyrkjemusikk

Mytologifestival med naturmysikk og folkemusikk

Tradisjonalisme og metafysikk

Det fårlege fjernsynet

### I dette nummeret:

Torheim/Leo	Jonsrockfeiring i austerrisk fjellheim	s. 2
Lars Bjarne Marøy	Sumartid og dei lange linone i kulturen vår	s. 3
Lars Bjarne Marøy	Normi fell, men kunsten sigrar	s. 4
Olav Torheim	Magyar Sziget og Festival Boreal	s. 6
Olav Torheim	Salazar - Draumen eit moderne imperium	s. 8
Olav Torheim	Charles Maurras og kampen for kongedømet	s. 9
Lars Bjarne Marøy	Fransk kyrkjemusikar vitja Bergen	s. 12
Olav Torheim	Mytologifestivalen i Hatlestrand	s. 13
Lars Bjarne Marøy	Spreidde tankar kring Festspeli i Bergen 2012	s. 14
Olav Torheim	Atterkoma med Nocte Obducta	s. 15
Ornella Winter	Thrima - Nasjonal hardkjerne-rock	s. 15
Stig Andresen	Rene Guenon	s. 16
Detlef Eichborn	Brennesla	s. 18
Elodie Vinandy	Pilat-dyna	s. 19
Olav Torheim	Fjerrsja kann vera fårlegt	s. 20

## Jons(r)o(c)kfeiring i austerrikk fjellheim

Av Olav Torheim og Megan Leo

*Dei som tok turen til Neidegg Alm (Neidegg-sætri) i dei austerrikkiske Alpane fekk uppliva ei jonsokfeiring utanum det vanlege.*

For på denne dagen vart den harmoniske klangen av kubjellor avløyst av dissonansar, skrik og krasse riff. Fire ulike hardrockgrupper stod for underhaldningi åt dei på lag 200 som hadde teke turen opp på fjellet.

Fyrste gruppa ute var austerrikkiske Ghouls Come Knocking, som stod for ein upåklageleg moderne thrashmetal. Næste gruppa ut var frå Austerrike dei med, Amongst The Deceit, og dei spela drivande og hadde ein sers ageleg teknikk i daudmetallen sin - mange vilde gjerne ha sagt alt med ein gong at dette var dagsens høgdepunkt.

Kor som er, dei vart fylgde av endå ei austerrikkisk gruppa, Our Survival Depends On Us. Denne gruppa gav oss ein forvitneleg og heilt sereigen miks av stoner-rock, doom metal og hardkjernerock.

Trekkplåsteret for kvelden var likevel sveitsiske Triptykon, det nye tiltaket åt den myteumspunne Tom Warrior som i si tid grunnla Celtic Frost. Triptykon er langt på veg eit framhald av Celtic Frost etter at denne gruppa vart nedlagd for godt i 2004, men Tom er framleis like arg og energisk og hev fenge fylgje med nye og meir enn 20 år yngre musikarar. Denne kvelden vart det soleides attersyn med gamle klassikarar frå tidi med Celtic Frost (klassikarar som i Triptykon-høve ikkje kann kallast for "umslags-låter", for Tom Warrior hev i ei utspyrjing sjølv slege fast at "Triptykon er Celtic Frost i alt utanum namnet").

Tryptikon tok til med "Procreation of the Wicked", med V. Santura (Dark Fortress, Celtic Frost) som bakgrunnsvokalist. Dinæst fekk me høyra "Dethroned Emperor" og "Circle of the Tyrants", men høgdepunktet var likevel Hellhammer sin "Triumph of Death", ei låt som berre hadde vore framførd på konsert ein einaste gong tidlegare dei siste 30 år.

Ljodbilætet var meir tung og myrkt enn med Celtic Frost, og bassklangen hennar Vanja



*Krass daudmetall på høgt teknisk nivå med Amongst The Deceit.*



*Thrash-klassikarar med Triptykon og Tom Warrior.*

Slajh kann jamførast med ei rullande panservogn. Likeins er den drivande trumbingi hans Norman Lonhard, og den inntrengjande songen hans Tom Warrior, med på å gjeva heile gruppa ei heilt serskild utstråling.

I det Triptykon gjekk på scena var myrkret alt åt å falla på. I Austerrike er me so langt sud at det jamvel på midsumarnatti byrjar verta myrkt når klokka nærmar seg ti, og dette gav oss ein forvitneleg verknad: På den eine fjelltoppen etter den andre, jamvel på langt fråstand, kunde me sjå store jonsokbål byrja lòga upp. Det var tydelegt nok at me ikkje var åleine

i fjellheimen, og det var soleides tid til og med for oss å gjeva oss sjølve til kjenne då vårt eige ovstore jonsokbål endelegt vart oppkveikt. Elden på fjellet tok litt av merksemd i burt frå musikken, men skapa til sjuande og sist eit agelegt tilskot til stemmingi. Ei stemming som ikkje minst skreiv seg frå det mødesame arbeidet som var gjort med både smått og stort, til dømes med stearinljøs på scena og lykter uppe i bakkane. Alt medrekna var det ei framifrå god tilskipping - med ekte austerrikkisk teft for det som trengst til ein vellukka midsumarkveld.



# Sumartid og dei lange linone i kulturen vår

Av Lars Bjarne Marøy

Sumartidi er ei tid då ein kann få meg seg nye inntrykk og gå djupt inn i saker som ein elles ikkje fær so myke tid til. Målmannen hev nytta høve til å fylgja med på nokre felt av det europeiske kulturlivet. Me hev innspel frå musikklivet der alt frå kyrkjemusikk, metall-musikk og punkrock høyrer med. Det moderne prosjektet – slik det hev vorte presentert millom anna i læreplanar for norskfaget - er eit vidfemnande umgrep. Målmannen hev denne gongen eit par innlegg som umveges kjem inn på politiske og filosofiske sidor ved dette umgrepet.

## Språket hev ein resonans

Kva hev so alt dette med målsak å gjera? Jau, me trur helst at målsak heng saman med andre saker. Jamvel um det er målet som er den viktigaste saki for oss, so lever ikkje målet berre for seg sjølv. Det er vel slik at spørsmålet um kvifor ein skal nytta målet, må koma fyre ein kann sjå på korleis ein vil bruka målet. Målet er, slik me ser det, ein reidskap for tanken, men det finst fleire reidskapar å uttrykka tankar med. Det er iallfall liten tvil um at det ein vil med målet påverkar det ein ser etter i og kring målet og innanfor andre kunstformer.

Det norske målet hev sin eigen sermerkte dâm og klang. Um me skal spela vidare på teoriane åt Frode Jens Strømnes, kann ein segja at målet rømer si eigi fyrestellingsverd - med sine egne sermerkte sinnbilæte ("The Fall of the Word and Rise of the mental Model", F. J. Strømnes, 2006.). Me trur at synsmåtene åt Strømnes hev noko fyre seg. Folk som elles er ikkje hev den rette vyrdnaden fyre målsak, fær seg sumtid til å segja at "nynorsk er fint i dikt", men det må vera meir enn berre estetikken i språket som hev skapt resonans millom det nynorske målet og andre kunstnarlege felt som til dømes musikk og biletkunst. Sistpå sviv det um korleis me i det heile ser og formar verdi ikring oss. Me treng ikkje å gå lengre enn til norskdomsrørsla på 1800-talet og sjå korleis dei var inne på det same: Denne rørsla freista knyta upp til seg både musikkarar, biletkunstnarar og diktarar. Målet var lykjelen til å setja dei ein-skilde umkvervi inn i eit større hopeheng.

## Språkrådet skaper dissonans

I våre dagar kann me gå til dagnære nyhende-saker knytte til at Språkrådet innfører ny nynorsk rettskriving, so ser me at eitkvart må vera ut or lage. I-målet var sett i klombeformer alt i 1938, og målet hev ikkje kunna nyttast i offentleg målbruk sidan då. I skulen hev det vorte pressa ut og burt, so langt som me kann sjå nesten heilt burtgløymt. Når fanesaki til Språkrådet og i pressa vert at i-målet skal ut or rettskrivingi og at det skal gjera det lettare å skriva nynorsk, må det vera eitkvart som er gale. Men motrøyster hev det vore, i Adresseavisa gjeng leidaren for Studentmållaget i Nidaros ut mot den nye rettskrivingi. Andre avviser heile

tanken attum den nye rettskrivingi, millom dei er Arvid Langeland i Voss mållag og forfattar Frode Grytten.

## Koplingar til andre land og umkverve

Kva kann me læra frå andre land? Ungarn er eit spanande land å granska. Landet var ein lut av eit storrike og hev levvt i brytingi millom ulike kulturrømdar. Likevel hev ungarane – mange i utlegd – teke vare på eit sermerkt mål. Det ungarske målet er tilliks med det finske so servore at det krevst egne løysingar når målet skal nyttast til fullnads på datamaskinor. Me hev vore på samling i Ungarn og tek fyre oss korleis det ungarske levnadssettet pregar den største pan-ungarske-festivalen.

Kva kann me læra frå konservative krefter heime og ute? Mytologi-festivalen i Hatlestand og tankane til den franske politikaren Charles Maurres - konservativ og monarkist – kann gjeva ordskiftestoff. Likeins er det med stykket til Stig Andresen um anti-moderne filosofi.

## Musikk og målbruk

Edvard Grieg, som sette tonar til "Haugtussa" av Garborg, sagde um det norske målet at "[s]elve sproget er jo musikk". Og i musikken og i målbruken finn ein etter måten mange spanande jamlikskapar: Sume kann skriva rett og korrekt mål på eit augneblinksinnfall eller med språkøyra, og noko liknande er det vel i musikken - der innfallsvegen viser sume korleis ein skal handtera eit musikkinstrument. Andre lyt læra seg grammatikken - eller setja seg inn i musikkteori og læra seg reint analytisk korleis dei ulike toneartane er oppbygde. På same måten som grunnleggjande kjennskap til norsk grammatikk er ein fyresetnad for å utfalda seg språklegt, er ei musikkteoretisk forståing naudsynt for å kunna spela etter innfall og utfalda seg innanfor ein serskil toneart - eller jamvel kunna eksperimentera medvite med å brjota med dei hevdvunne reglane, so ein til slutt skal kunna skapa noko nytt og meningsfullt.

I hardrocken og punkrocken finn me att ein vestleg dragnad mot det å kunna finna den rette jamvekta millom orden og kaos. Denne vestlege dragnaden ligg innebygd i europeisk kultur. I Russland fall kommunismen saman, og då vakna den russiske bjørnen upp og sleit med å finna jamvekta millom borgarane sin fridom og staten si makt. Då ser me at hardrock og hardkjernepunk hev fenge ei sterk stoda i ålmenta. No i det seinaste er det gruppa Pussy Riot som hev skapa bylgjor – medlemmer frå gruppa hev sete lenge i fengsel og vart til slutt dømde til tvo år attum murane. Me glytter som vanleg innum ymse slags grupper og band som hev dagnære innspel.

I ei tid der avkristningi hev vorte rekna for ei hovudkraft i europeisk kulturliv og millom folk flest, finst kyrkjemusikken som ei

# Målmannen

**Utgjevar:**  
Samorganet Målmannen

**Tilskrift:**  
Målmannen  
Løvestakklien 16  
5055 BERGEN

**Bladstyarar:**  
**Olav Torheim**  
Epost: olaveth@gmail.com  
Tlf: 99156428  
Skype: fivreltd25

**Netstad:**  
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

*Målmannen fylgjer redaktør-plakaten!*

sterk motkraft. Kyrkjone vert ofte vel so fulle som til gudstenestor når verksame og dugande musikkarar held spelstunder og spelkveldar der. Dei som ottast for norskt og europeisk levnadssett bør koma til kyrkjone og læra av musikkarar som veit å lokka fram det beste i saga åt kyrkjemusikken.

## Kultur er ein samanheng

"Kultur stend i ein samanheng, og i ein kultur sviv det um å dyrka fram det beste", minnst me at målmannen, musikaren og dikteren Johan H. Grimstad poengterte under eit møte i Sunnmøre Vestmannalag på byrjingi av 2000-talet.

Nett å finna einkvan som søjker etter det beste i kulturlivet, saknar ein millom språkrådsfolk, politikarar og mange andre. Me hev ei rad framifrå gode kunstnarar her i landet som nyttar åravis av livet sitt på å granska mål-slege og boklege spørsmål og arbeida faglegt og kunstnarleg, men når det kjem til den offentlege språknormeringi hamnar ein lett på løysingar som ikkje viser nokon vyrdnad for kva som er godt og upparbeidd. Dersom ein ser på målet som ein reidskap millom fleire reidskapar, vil ein fort koma til at fikling med bøygingar ikkje er det viktigaste. I mål og målbruk må form-verket falla på plass, måvita, men langt viktugare er setningsbyggnaden og alt det andre som ikkje let seg normera. Når me i høgnorskrørsla ser på formverket som so viktig, er det av di me hev skyna at formverket, som namnet segjer, er det som gjev setningane struktur, og utan formverket stend setningsbyggnaden for fall.

Ein kann ikkje normera burt dei lange linone i kulturlivet vårt. Dei må ein læra seg til å leva med.

# Normi fell, men kunsten sigrar

Av Lars Bjarne Marøy

Ordskifte um korleis nynorsken skal sjå ut hev det vore mange av. Når ein ser på kva spursmål mållagsfolk hev nytta tid på gjennom tidene, so kjem normeringsspursmål nokso høgt opp på dagsetelen. Bolkevis hev det vorte lagt ned åravis med ordskifte omkring korleis rettskrivingi skal sjå ut.

Mindretalsmål som færøysk og frisisk er millom dei måli som er trekte inn og målførelina –som millom anna førde med seg einsynt dyrking av stadeigne målføre – hev vore millom dei berande sakene for målrørsla, iallfall dei seinste 40-åri. Ein hev jamført den norske målstoda med andre, so ein skulde finna lærdomar til å fremja nynorsk. Lærdomane hev knappast vore til bate for det målet som målfolk vilde ha til einaste riksmål langt inn i mil-lomkrigstidi. Målføregranskarar hev granska talemáli i landet og sett på ein-skildvariablar i grammatikken i ymse talemål. Då Ivar Aasen laga si målform, var vel målet at norsken skulde vera ein sammenmar for målføri, ikkje at målføri skulde granskast på nyo og på nyo og at målet skulde setjast upp i nye avbrigde gong etter gong. Finst det andre tilnærmingar til målstoda?

I dag skal elevar i tridjeklasse på vidaregåande skule læra um tekstbinding og formverk. Dersom ein ser på kva mållaget er mest huga på, so er det formverket. Dei færaste hev vel derimot havt serleg lange ordskifte um tekstbinding, iallfall ikkje i målrørsla. Kvifor ikkje? Her kann ein truleg gå langt inn i fagsoga i norskfaget, og det kunde ha vore eit spanande emne å gå åt, men me må lata det liggja enn so lenge. Det ein derimot snøgt kann gå inn på, er å sjå på um ikkje rekkjefylgja i målstudiar og målbruk hev kome rangt ut.

Når ein høyrer på sume i målrørsla, skulde ein tru at mål og målbruk må granskast frå språkljodar, til bokstavar, vidare til ord og grammatikk og til slutt i form av setningar. Mentale fyrestellingar kring språk kann koma inn undervegs, men oftast vert det heile minka ned til eit spursmål um hopehavskjenslor og sjølvkjensla.

Dersom ein snur på rekkjefylgja og segjer at det er dei mentale fyrestellingane som er det viktige, so kann det snøgt verta spanande å stogga der. Yvergangen millom tankar og språk kann granskast innanfor mange granskingsfelt som språkfilosofi, psykologi med fleire. Held me oss innan-

for emne som ligg målet nært, kjem ein snøgt til at retorikken, stilistikken og andre granskingsgreiner må ha noko å fara med. Hadde målrørsla sett på korleis store og vellukka mål hev vorte dyrka og hev vakse fram, vilde dei vel ha funne lærdomar som gjekk i leid av at røyneleg bruk med ei ein-skapleg norm, er av det gode. Men fyre ein gjeng inn i slike granskingar, bør ein ha tenkt på kva som sermerkjer norskt mål og kva vinning ein kann ha av å sjå målet i høve til mentale fyrestellingar.

Kva er det som er sermerkt med norsk mål? Jau, me høgnorskvenner legg gjerne vinn på verbal stil, vokaltreklang og tviljodar. Det hev vorte peika på at setningsrytmen i norsk typisk skal vera knytt til trokeen, tung – lett, tung-lett. Stavingane skal visstnok vera skiftevis tunge og lette frå byrjing til slutt, men setningsleddi skal vera lette framme i setningen og tunge bak. Norske setningar skal helst vera baktunge, heller enn framtunge. Der tysk mål kjem med verbalet heilt til slutt, skal ein ha verbalet langt framme i norske setningar og dei tunge leddi langt attyver i setningen. Norsk og engelsk vert gjerne kallar for SVO-språk. Det vil segja at subjektet, verbalet og objektet fylgjer på kvarandre. Tysk kallar ein for eit SOV-språk. Her kjem subjektet fyrst, men objektet kjem fyre verbalet.

## Myntermål i litteraturen

Kvar finn ein so det norske myntermålet? Kva for tekster kann tenkjast å vera dei beste innanfor norsk mål? Ja, det må vel vera dei tekstene som kjem nærast upp mot sånne mælestavar som me la fram ovanfor. Tekster av Aasen, Vinje og Garborg, Blix og Hovden, Aukrust, Ørjasæter, Nygard med fleire. Ofte er det lyrikarane som vert hugsa. Fleire ættleider av skulelevar lærde seg songane deira utanboks.

Når ein les prosa, kjem ein kjaapt ihug sogor som «Berre ein hund» av Per Sivle. Kann ein tenkja seg at det vert skapa mentale bilæte av slike forteljingar som ber norske sermerke? Kann fantasi og tanke-spel som vert skapa gjennom godt norsk mål, festna seg slik at det påverkar mål og stilkjensla? Det er iallfall ingen tvil um at språklege fyrebilete formar talemålet og etter kvart skriftmålet til mange menneske.

Ein artikkel i bladet Forskning viser til at eit kapittel i ei lærebok i naturfag alluderar til Blix-songen «No livnar det i lundar, no lauvast det i lid» som eit symbol på at kapittelet skal handla um våren. Fra-

mandspråklege elevar hev vanskar med å få med seg kva det er ein vil fram til, heiter det i teksten. Kor godt norsk elevar skynar kva det handlar um, er ikkje godt å segja. Ein ting er iallfall visst; det nynorske skriftmålet hev røter som det løner seg å kjenna til. Metaforar som at «gåsungar» er blomane til selja, er heller ikkje heilt lette å få med seg, men det er eit godt bilete.

Det regnar trollkjerringar kann ein segja i eit norsk målføre, medan ungdom i dag ofte hev fest seg ved det engelske ordlaget at det regnar kattar og hundar. Det at det regnar trollkjerringar er eit bilete som spelar på norsk folketru og hev røter attyver i saga. Å segja at det regnar kattar og hundar, vert eit heilt anna bilete som ikkje, dekkjer det same tydingsområdet. Det kjem inn andre assosiasjonar. Ein sterk kultur hev mange bilete, symbol og metaforar å spela på.

Det sermerkte med målstoda vår er at norskdansken og norsken er so pass like, slik at ordlegging, stil og målføring kann yverførast frå det eine målet til det hitt, men i mange høve vert det ei ulempa, for når bokmålet er rådande og dette målet hev dei greide og forståelege ordleidingane i songar og i andre tekster, spyrr folk seg kvifor dei skal leita etter ord på norsk. Det er ikkje nok at ein berre hev målet, ein må ha viljen til å arbeida med det - og dei tekstene, ordi og den målføringshjelpi som trengst når ein skal uttrykkja seg.

Eit tilfelle serskild for seg er til dømes fødselsdagssongen «Hurra for dig som fyller ditt aar». Han er skriven av Inger Margrethe Munthe og utgjeven i 1911 i boki «Saa leker vi litt». Songen er so lang eg veit ikkje umsett til nynorsk, og han er ikkje utan vidare lett å umsetja – det norskdanske avbrigdet er godt innarbeidd. Finst det eit norskspråkleg motstykke til denne songen? Um nei: Korleis løyser ein dette vandemålet? Tankane kring fødselsdagsfeiring kjem evlaust til å knyta seg til ordleidingane i denne songen.

Å umsetja lyrikk er ikkje utan vidare lett. Folk trur at det dei skynar ikkje er noko å bry seg med, men målet er utan tvil langt meir enn det som møter augo når ein les for fyrste gong. På den andre sida er det ikkje tvil um at nynorsken, slik mange ser det, gjer seg godt på iallfall eitt umkverve, for mange viser til at nynorsken er verdefull i dikt og songar.

## Læring og språk

Ein kann granska korleis folk lærer seg-

noko gjennom psykologiske mekanismar. Det er ingen tvil um at menneske hev opplevingar i møte med språk, og at ein koplar saman brotstykkje av ein tekst til inntrykk og minne ein hev havt eller fester seg ved språklege uttrykk som ein legg seg på minne. Når ein so brukar språket og til dømes talar um tekster ein hev lese, høyrte upplese eller hev sett dramatisert eller framstelt på andre måtar, so hev det gjenge og gjeng det fyre seg ei form for læring. Lat oss gå inn på nokre fleire litterære døme fyre me tenkjer vidare på læringi.

I tekstsamlingar – på fint antologiar – kann ein finna viktige tekster som mange hev lese fyrr. Nokre forfattarar gjeng att. I ein slump høve er det sjølve forteljingane eller utdrag av store forteljingar som hev fenge eit varande liv i ein slags nasjonal kanon. Sluttsena i Djuvikfolket av Olav Duun eller innleiing i Fred av Arne Garborg er tvo døme på nynorske forteljingar som via tekstutdrag hev vorte ståande i litteratursoga.

Novella «Liket» av Tor Jonson er ein annan tekst som hev fest seg. Forteljingi er godt skrivi, men det er vel meir sjølve skildringi enn det språklege som fester seg. Eg trur likevel ikkje at denne teksten kunde ha vore skriven på bokmål. «Bygdedyret» er ei oving som sit vel planta i norsk mål. Dette vert eit symbol på å tru vondt um folk og å hæda og terga andre like inn i døden.

På bokmål hev ein jantelovi og brunpissing. Men den meir folkelege framstillingi finn ein i songen til Øystein Sunde: Du må'kke komme her og komme her. Mange vil vel umsetja den beinveges til sitt eige målføre med til dømes: Du må'kje koma her og koma her. Men kjem det i strid med assosiasjonane kring resten av teksten? Ein kann undra seg av di eit avbrigde av bergenssongen på nynorsk kom på avveggar i år 2000, det vekte sterke kjenslor i det bergenske kulturlivet. Målstoda vår er i røyndi full av slike spursmål.

Gjeng me attende til læringssidone ved ulike språkmøte, kann ein gjera seg mange tankar. Dei som hev lese tekster på ulike mål, vil truleg vera noko samde i at les ein det same målet yver tid, kjem ein vel inn i det. Det er vel lettare å lesa tre bøker på nynorsk og tre på bokmål enn å lesa ei bok på bokmål og ei bok på nynorsk og so ei bok på bokmål att og so burtetter. Les ein stuttare tekster kann det vel vera meir hipp som happ.

Psykologisk sett er det vel slik at ein bind mykje energi på å setja seg inn i det målet ein les, medan ein les. Når ein hev målet beint framfyre seg, vert sansuppfatingi av målet viktig. Kvar ordleiing må

kodast av på rett måte, det ein ikkje skynar, må ein anten godtaka eller so må ein tolka det og leggja vekt på den meiningi ein kjem fram til etter at ein hev tolka eller hoppa yver noko. Det kann vera ein krevjande arbeidsmåte. Når ein vel er reidug med å lesa, kann ein derimot tenkja yver det ein hev lese og formulera handlingi med eigne ord.

Ein kann vel gå so langt som til å segja at ein kann lesa bøker og gløyma målformi dei er skrivne på, sermerke i rettskrivingi kann koma heilt burt for ein. Det er vel slik ein kann lesa romanar, med novellor kann det vel vera noko av det same, men her kjem språket nærare, for det er dei gode ordleiingane som er viktige, likso vel som forteljingi. Når ein kjem til dikt og lyrikk derimot, vert det vanskeleg å koma utanum å hugsa sjølve segjemåtane.

### Måldyrking

Når ein kjem til fagprosaen, kjem ein derimot i ei onnor knipa, for her kjem stilen tungt inn. Den substantiviske bokmålsstilen og dei dansk-norske ordi og ordleiingane slær tungt inn i all skriven norsk. «Korleis skal ein ungdom halda stigen sin rein?» heiter det i skrifti. Lengre nede i Salmane 119 held teksten fram med «I mitt hjarta hev eg gøymt ditt ord, so eg ikkje skal synda imot deg.» Måldyrking kann verta ei sak både for hjarta og samvit. Ivar Aasen segjer ein stad « Vesle vitet strekk ikkje til, ei tru må stydja oppunder.»

Kor som er, vitet er det me må halda oss til når me skal fram til sluttsatsar. Det viktigaste i so måte bør vel vera at i staden for å ordskiftast um bøygingssendingar bør me retta arbeidet i målreisingi inn på å finna fram til den gode litteraturen – gjerne lyrikken og dei gode ordleiingane i skjønnerlitteraturen og fagprosaen. Skal ein ordleggja seg godt på norskt mål, må ein spela på mentale fyrestellingar, lyfta fram det me hev av hevdslinor i boksoga, leggja oss god målføring og stil på minnet og arbeida fram skrivekunst der me syner «målet i sitt beste lag» – som han segjer Ivar Aasen.

Målet byrjar i sinnsliv og fantasi, og det endar eventuelt med språkljodar heilt til minste skrivne bokstav som skal lesast eller uttalast. I dag då Språkrådet hev teke ut i-målet, kann me kannhenda oppsumera det slik: Normi fell, men kunsten sigrar. I kunsten stend i-målet att, trygt til dess at einkvan skal umsetja lyrikarane til språkrådsnorsk.

Kjelda: <http://www.forskning.no/artikler/2009/februar/209317>, lasta ned 07.08 2012

### Sit målfolket i fengsel?

På netstaden [framtida.no](http://framtida.no) kunde ein måndag 20. august i år finna ein kronikk med titelen "Ja til innvandring, men...". Kronikkforfattaren er Sveinung Rotevatn, som skriv under med at han er leidar for Unge Venstre og styremedlem i Noregs Mållag.

I innlegget, som tek fyre seg norsk innvandringspolitikk, hævdar han at "[r]etten til å flytte seg rundt på jorda er ein grunnleggjande liberal verdi. Difor vil liberalarar alltid jobbe for at det skal bli enklare og friare å bevege seg mellom land – uavhengig av føremål. Vi er ikkje fangar i dei nasjonale fengsla vi tilfeldigvis vart fødte i, og retten til å forlate sitt land er ein grunnleggjande menneskerett." Han oppmodar elles lesarane um å klikka seg inn på heimesida åt kampanjen "En verden uten grenser".

For oss i høgnorskørsla hev det stødt vore slik at det som stend fast er rettskrivingi, medan det er berre er fint med eit visst mangfelde i dei politiske og filosofiske tilnærmingane til målstrævet. Ein vert likevel undren når ein ser at ein som er styremedlem i Noregs Mållag gjeng so langt som å jamføra nasjonen med eit fengsel...

At det er reint på slump kvar hen ein vert fødd lyder tilforlatelegt nok, men prinsippet attum må vera rein metafysikk: Eit slags sjelelotteri der det vert trekt ut kvar hen ein skal verta fødd, og der den etniske og kulturelle bagasjen som ein sidan vert utrusta med skal vera heilt underordna. Ei meir jordnær tilnærming hadde derimot vera å sjå på einskildmenneske som eit resultat av arv og miljø, og der ingen menneske kunde ha vore nokon andre enn nett seg sjølve...

Um ein ser på nasjonen som eit fengsel, so fylgjer det kor som er at nasjonal identitet og nasjonale kjenemerke som språk og kultur ikkje kann vera anna enn stengsel for å liva ut eit liberalt, grenseløst livesett: Me skulde helst havt berre eitt språk, berre ein universal kultur, og ein skulde kvar som helst i verdi kunna gå på MacDonalds og få tinga seg ein burger. Meiner Sveinung Rotevatn at dette eine språket kjem til å vera nynorsk, eller kvifor er han med ein sovoren ståstad i det heile målmann?

**Dvergemålet**

## Magyar Sziget og Festival Boreal

Av Olav Torheim

*Målmannen-redaktør Torheim hev vore til stades på Magyar Sziget, den største tjodlynde festivalen i Europa, med heile 15.000 deltakarar.*

Ungararane er eit byrgt folk, røtte som dei er både i vestleg europeisk kultur og i ei fortid som ridande krigarfolk frå steppone i aust. Sidan slutten av fyrste heimskrigen, då Austerrike-Ungarn vart kløyvd upp i ei rad ulike nasjonalstatar, hev ungararane vorte spreidde millom ei rad ulike europeiske statar - mest ein tridjepart av dei etniske ungararane i dag liver utanfor staten Ungarn. Den tjodlynde ungdomsrørsla HVIM samlar ungararar frå heile Aust-Europa, og denne sumaren var den tolvte på rad at dei baud inn til festivalen Magyar Sziget.

Magyar Sziget varar ei heil vika, og hev upp gjennom åri havt eit mangslunge program, både kulturelt, musikalsk, historisk og politisk. Upp gjennom åri hev ordet um Magyar Sziget vorte spreidd i nasjonale krinsar yver heile Europa, og slik kom det til at det ikkje berre er ungararar som er til stades på festivalen, men ungdom frå heile Europa. I år hev tilskiparane åt festivalen nytta høvet til å setja av dei tvo fyrste dagane, 10.-11. juli, med eit eige millomfolkeleg program, kalla Festival Boreal. Målsetnaden er å styrkja sambandet millom tjodlynde krefter frå heile Europa.

### Millomalderspel, moderne krig og eit mystisk politisk dødsfall

Den fyrste dagen på festivalen tok til med innleidande ord frå László Toroczka, leidar for HVIM. Dinæst var det tid for eit aldri so lite millomalderspel, der ei gruppa tsjekkarar og ungarar gav oss framsyning i sverdkamp og bogeskyting.

Som neste punkt på programmet skulde veteranar frå krigen i Kroatia i 1991 fortelja um røynslone sine derifrå. Kroatia-krigen er eit



*Millomaldersk sverdkamp.*



*Ungarske gjentor syner fram hevdvunne klesdrakter.*

vandslegt tema å taka stoda til, men tilhøyrarane fekk i alle høve lyda til sers forvitnelege augevitneskildringar, millom anna frå kampane i Vukovar og Dubrovik.

Etter eit pauseinnslag der verdsmeisteren Gábor Molnar demonstrerte oriental kampkunst med 650 år gamle samuraisverd, var det den belgiske journalisten Lionel Baland som hadde

gleda av å leggja fram den nye boki si um den austerriske høgrepulistiske politikaren Jörg Haider, "Jörg Haider - Le Phenix" (Føniksen Jörg Haider).

Som det skulde gå fram or titelen, Jörg Haider hadde den evna at kvar gong han gjekk på eit nederlag, so kom han berre endå sterkere attende: Han tok yver eit FPÖ som stod på kan-



*Henk van de Graaf fortalde um kampen åt buarfolket i Sud-Afrika.*



*Olav Torheim held innlegg um stoda i Noreg.*


ten av avgrunnen, men som 13 år seinare, til det liberale Vest-Europa sin store skrekk, makta å få plass i riksstyret. Og då FPÖ nokre år seinare rauk ut riksstyret og laut slita med nedgang og indre strid, so skipa Haider eit nytt parti - BZÖ - som i 2008 saman med FPÖ gjorde eit so godt val at dei atter ein gong truga den politisk korrekte samfunnsordenen.

Korleis det kunde ha gjeve vidare med Haider sitt politiske prosjekt skulde verdi likevel aldri få vita, for berre vikor etter det gode valresultatet døydde Jörg Haider i ei trafikkulukka. Eller var det ei ulukka? Lionel Baland lagde i alle høve fram meir enn nok av forvitnelege fakta som ikkje stemmer med den offisielle forklaringi. Kanskje det helder var "nokon" som meinte at no hadde Haider reist seg or oska for siste gong...

### Buarfolket - 400 års fridomskamp

Siste fyredragshaldar for dagen var Henk van de Graaf frå Sud-Afrika. Henk er leidar for det største landbrukssamyket i Sud-Afrika, og han kunde fortelja um kampen som buarane i Sud-Afrika fører for å yverliva som folk.

Soga um buarane tek til for meir enn 400 år sidan, då Nederland vilde skipa eit stydjepunkt langs sjøvegen mot India. Kappkolonien, som fram til buarane kom hadde lege aud og folketom, såg soleides dagsens ljøs. Det tok likevel



*Roberto Fiore, leidar for italienske Forza Nuova, var millom dei mange som Målmannen-redaktør Torheim hadde gleden av å gjeva eit gratis prøveeksemplar til.*

ikkje lang tid fyre britane kom og okkuperte kolonien, og dei nederlandskætti buarane lagde ut på vandring vidare inn i Afrika for å sleppa undan framandstyret. Her møtte dei for fyrste gongen innfødde afrikanarar, som på denne tidi var på vandring mot sud. Buarane greidde her å verja seg mot ei ovende stor yvermakt, og dei grunnlagde til slutt Transvaal og Oranjerfris-

taten. Dei dyrka jorda og grunnlagde store gardar (nemningi "boer" tyder gardbrukar).

Kor som er, dei sjølvstendige buarstatane var altfor rike på naturressursar til at britane kunde halda seg i frå å hersetja desse med. Buarane forsvara seg sers godt, men valde å leggja ned våpni etter at britane byrja internerna kvinner og born i konsentrasjonslæger.

Sidan den gongen hev ikkje buarane lenger havt sitt eige land. Og med yvergangen til svart fleirtalsstyre i 1994 hev stoda gjenge frå vondt til verre. Dei nye styresmaktene i Sud-Afrika vil helst at dei europeiskætti i landet berre skal reisa sin veg, og sidan 1994 er meir enn 3000 gardbrukarar vortne myrda på gardane sine. Etter det Henk fortel er mordarane reine dråpskommandoar: Dei kjem i grupper, dei torturerar og dei valdtek fyre dei til slutt myrdar heile familien. Familiefaren og borni lyt gjerna sjå at mor vert valdteki etter tur. Dinæst vert dei alle drepne på dei mest utkropne måtane, anten det skulde vera med kniv eller med klubbe eller drukna i badekaret. At det einast handlar um å myrda, det vert klårt nok når dei etterpå berre reiser frå garden utan å taka med seg nokon ting derifrå.

Endå so mange uskuldige menneske som er myrda, kann målsmenner for regjeringspartiet ANC mora seg med å syngja songar med titlar som "Kill the farmer, kill the boer".

Mange europeiskætti sudafrikanarar hev teke fylgjone av den nye stoda og reist frå landet: Av 5 millionar europeiskætti i 1994 er det i dag berre 4 millionar att. På spursmål frå salen um dei siste 4 millionane kjem til å fara same vegen, kann Henk van de Graaf likevel svara klårt nei. Dei som er reiste, er for det meste portugisarar (frå Angola) og engelskmennar (frå Zimbabwe). Buarane derimot, dei korkje kann eller vil reisa sin veg. Dei hev vore der i 400 år, dei hev sin eigen kultur og sitt eige tungemål.



*Svenske Saga avslutta Festival Boreal.*

Dei er vortne afrikanarar, og dei reiser ikkje frå landet sitt.

På vegen mot sjølvstende legg buarane vinn på å halda seg med sin eigen infrastruktur. Millom anna hev dei grunnlagt sin eigen bank, og når dei styrer med pengar so freistar dei å lata pengane gå frå hand til hand seg sjølve imillom, utan at staten kann koma imillom og leggja på skattar og avgiftar. Etter deira syn er det nær sagt kriminelt å svara meir skatt enn naudsynt til ein stat som einast vil øydeleggja for deim. Som eit steg på vegen mot eigen stat hev buarane vidare skipa si eigi nasjonalfor-samling, eit "Volks-raad" (<http://www.volk-sraad.co.za>).

Nett av di buarane er gardbrukarar, hev dei det meste av den infrastrukturen som dei treng for å kunna liva sjølvstendig frå staten. Neste trekk frå styresmaktene er difor at dei på same måten som i Zimbabwe vil taka frå dei gardane deira, utan nokor form for kompensasjon. Den kampen buarane fører i dag er soleides ein kamp for livet og eksistensgrunnlaget deira.

## Roberto Fiore med europeisk rundebordskonferanse

Neste dag vart ordet gjeve til italienske Roberto Fiore, den myteumspunne grunnleggjaren av Terza Posizione på 70-talet og i våre dagar leidar for Forza Nuova.

Fiore tok i fyredraget sitt fyre seg det millomfolkelege bank- og pengesystemet, som han meinte truga fridomen og sjølvstendet åt nasjonar og folk i heile verdi. Europeiske

nasjonalistar er ikkje fiendar av noko folk i denne verdi, poengterte Fiore, men dette internasjonale systemet er fiende av oss alle. Å koma laus frå dette systemet er difor lykjelord.

Fyredraget hans Fiore vart etterfylgt av ein rundebordskonferanse med målsmennar frå europeiske rørsler av ymist slag. Millom desse flamske Voorpost, polske Młodzież Wszechpolska, franske Renouveau Francais, svenske Nordisk Ungdom og kroatisk HCSP. Målmannen-redaktør Torheim fekk plass i panelet som målsmann for Noreg.

Under panelordskiftet fortalde målsmennene for dei ulike rørslerne um stoda i deira eige land Dei fleste kunde diverre fortelja um store problem med korrupsjon, kriminalitet, masseinnvandring, moralsk forfall og tap av kultur og identitet. Stemningi var likevel ikkje modlaus, snarare merkt av europeisk samhelde vilje til strid. I eit avsluttande innlegg synte Olav Torheim millom anna til fyredraget frå dagen fyreåt, um stoda for buarfolket i Sud-Afrika: Når buarane som ein minoritet på 2,5 millionar i eit land med 50 millionar menneske kann hevda seg og kjempa for identiteten og kulturen sin, so er det ikkje berre slik at me òg kann - men me må, me hev plikt til å taka den same striden.

## Festival Boreal vert årvisst

Utsendingane til rundebordskonferansen samla seg til slutt um ei fråsegn der slo dei fast at arbeidet - for hevdvunne verdiar og for eit økonomisk alternativ tufta på nasjonalt sjølv-

tende og friviljukt samarbeid millom europeiske nasjonar og nasjonale rørsler held fram. Festival Boreal kjem i dette høvet til å verta ei årvisst tilskiping, og neste år skal tilskiping haldast i Italia.

Rundebordskonferansen gjekk mot slutten, men ordskiftet millom europeiske stridsfelagar gjekk vidare, og ein runde med ungarsk vinnsmaking etter konferansen gjorde helder ikkje stemningi dårlegare.

## Tid for konsert

Det lakka mot kveld, og på Magyar Sziget er kveld det same som konsert. Kvar kveld var det nye grupper som spela. Millom gruppone som stod på scena kann nemnast Kategorie C (tysk hooligan-rock), Invasion (polsk streetpunk), Tormentia (polsk tungrock), Palmetta (ungarsk folkrock) og Saga (svensk, nasjonalsinna pop-musikk).

Det var svenske Saga som avslutta det heile. Med ein kjensledrypande, Enya-liknande popmusikk fekk ho tilhøyrarane med seg. Millom songar som utmerkte seg vil eg nemna "Ode to a dying people", "Hypocrite" og "One Nation Arise". Kor som er, ho vilde hindra at tilhøyrarane vart altfor kjensletyngde difor drog ho jamvel fram nokre låter med drivande britisk gatepunk frå åttitalet.

Tilhøyrarane hadde soleides slett ikkje fenge nok då ho til slutt gjekk av scena, og etter nokre minutt med krav um meir musikk, var ho "tilbake med eit brak", og denne gongen med støtte frå vokalisten i Kategorie C.

# Salazar - Draumen um eit moderne imperium

## Av Olav Torheim

*Jean-Claude Rolinat, "Salazar - le regrette", Synthèse Nationale, 2012.*

Jean-Claude Rolinat hev gjeve oss ei grepa bok um ein mann og eit regime som er altfor lite kjent: Antonio Salazar styrde Portugal frå 1920-talet og fram til 1968. For nokre år sidan synte ei meiningsmåling at 40 prosent av portugis-arane reknar Salazar som den viktugaste mannen i den portugisiske saga - godt framfor Vasco Da Gama!

Det var etter mange år med uro og politiske umskifte at herstellte tok makt i landet og avsette det mutekjære riksstyret. Den unge akademikaren Antonia Salazar fekk i oppgåva å styra med pengestellet, og han gjorde arbeidet so godt at han snart vart sitjande som den øvste leidaren i landet.

Salazar var ein einfeld og pliktrugen mann. Han var på skrifvarstova si kvar dag til faste tider, han sjølv livde eit nøysamt liv og reiste mest aldri utanlands - tankevekkjande nok ikkje ein gong til koloniane som han framfor alt vilde at Portugal skulde halda på.

Salazar var ein nær stydjespelar av den katolske kyrkja. Han hadde ei hevdstyrd haldning og ynskte seg eit samfund som var tufta på på lagdelte samfundsgrupper. Landet hadde eit parlament av folkevalde, men politiske parti var forbodne.

Dei fyrste tiåri under Salazar var merkte av jamn og trygg framgang for den portugisiske staten. Portugal hadde millom anna heilt opp til fyrre hundradåret ei tid med ein høg prosent av analfabetisme, men den tidi slutta endeleg under Salazar. Styret hans vart umtykt av di det førde til høg økonomisk vokster og aukande materiell velstand.

Salazar greidde å manøvrera seg trygt ut or andre heimskrigen, med ei nøytralitetslina der han freista korkje å trakka England eller Tyskland på tærne. Styret hans byrja kor som er å slita med eit stødt større problem frå seksti-talet av: Medan England og Frankrike gav sjølvstende åt det eine afrikanske landet etter det andre, nekta Salazar å sleppa det portugisiske herreveldet ned. Dei portugisiske koloniane hadde til dessar upplivd fred og velstand, men

kommunistiske motstandsgrupper som hadde base i dei nye sjølvstendige grannelandi, kasta Angola og Mosambik inn i ein stødt meir blodig borgarkrig. 500.000 portugisrar i Angola hadde budd i Afrika i meir enn 500 år, og dei var lite huga på å lida same lagnad som den millionen av franskmennar i Algerie som fekk valet millom "kufferten eller likkista". Sameleis var det med ibuarane i Goa - dei var stort sett kristne og vilde helder høyra til Portugal enn å verta innlema i India, men det hindra ikkje at India hersette og underla seg kolonien med her-makti si.

Salazar valde å gå ned med flagget til topps. Då han døyde i 1970, var Portugal den siste europeiske kolonimakti, men krigane i utlandet tærde på midlar og moral. I 1974 var det slutt: Ein militærjunta felte regimet, og dei kasta korti i koloniane. Sviket mot dei kristne i Aust-Timor var det mest stakkarslege. Landet vart annektert av Indonesia og 200.000 menneske miste med kvart livet. Kor som er: Portugal kunde i lengdi ikkje kjempa åleine for ein draum som alle andre europeiske land hadde sleppt ned.



# Charles Maurras og kampen for kongedømet

Av Olav Torheim

Charles Maurras,  
"Mes idées politiques",  
Artheme Fayard,  
1937.

Elektronisk utgåva:

<http://www.scribd.com/doc/39211758/Charles-Maurras-Mes-Idees-Politiques>.

Sidan den franske revolusjonen si tid hev Frankrike vore kjent for å vera landet som fostra ideane um universelle menneskerettar, egalitarisme og sekularisme. Mindre kjent er det kann henda at landet samstundes hev fostra ein sterk kontrarevolusjonær tradisjon som upp mot desse nye ideane hev vilja verja tradisjonelle fyrestellingar um eit folkehopehav tufta på orden og hierarki.

Millom tenkjarane som stend i denne kontrarevolusjonære tradisjonen finn me franskmannen Charles Maurras (1868-1952). Prosjektet åt Charles Maurras var å leggja det teoretiske grunnlaget for ei styreform som kunde balansera borgarane sin fridom mot staten sin autoritet. Maurras kunde i sin ungdom konstatere at meir enn 100 år etter den franske revolusjonen hadde landet enno ikkje fenge ei stabil styreform. Tvert imot kom det til endelause svingingar millom liberalt demokrati, ute or stand til å setja seg i autoritet og der folket til slutt ropar etter ein sterk mann, og diktatur som det til keisar Napoleon III, der folket vert so tynt at det til slutt kjem til krig og oppstand. Etter Maurras sitt syn er monarkiet den einaste styreformi som kunde balansera bae dei tvo umsyni.

Charles Maurras lét etter seg hundrattals bøker og tusundtals artiklar, og for dei som er interesserte i teoriane hans kann det difor vera vandslegt å vita kvar ein skal byrja. Um ein berre skal lesa ei bok av Maurras vil eg framfor alt tilrå "Mes idées politiques", som han skreiv på sine eldre dagar, etter mange tiår som politisk teoretikar og aktivist. Boki er på 140 sidor, med ein klår, stutt og kompakt syntese av dei politiske teoriane som han hadde nytta livet sitt til å arbeida for. Han byrjar med det mest grunnleggjande, ordenen i naturen, og byggjer so vidare stein på stein med det som han meiner er dei grunnleggjande strukturane i samfundet, som familien og lokalsamfundet, og so kjem det kongedømet som han kjempa for til slutt som krona på verket

## Den vernande ulikskapen

Grunnlaget for den rådande egalitære ideologien, fostra av tenkjarar som Hobbes, Locke og Rousseau og sette ut i livet med den franske revolusjonen, er fyrestellingi um det frie fode individet som grunnneingi i samfundet. Kwart individ er egoistisk og hev i utgangspunktet ingen skyldnader andsynes andre enn seg sjølv.

Når individi likevel organiserer seg i samfund, framfor å kjempa imot einannan, skriv dette seg frå ei samfundskontrakt som individi hev gjort seg imillom.

So langt teorien. Men kva med røyndomen? Maurras poengterar at det finst ingi samfundskontrakt. Mennesket høyrer heilt frå byrjingi av heime i ein samanheng. Ingen hev valt å liva, ein vert kasta inn i livet. Og det ufode barnet må ikkje gjerna seg fortent til noko. Det fær alt kostnadsfritt, det vert ikkje forlangt noko. Det er nett den vernande ulikskapen millom det vesle forsvarsause barnet og dei sterke umgjevnadene, som gjer at barnet liver upp.

Sagt med Maurras sine egne ord:

*«Den vesle kjuklingen bryt skalet sitt og legg på sprang. Lite hindrar honom i å ropa: "Eg er fri!" Men det vesle mennesket? For det vesle mennesket skortar det på alt. Lenge fyre han kann springa, so lyt han verta dregen ut or mor si, vaska, påkledd, mata. Fyre han hev teke dei fyrste stegi, lært dei fyrste ordi, so lyt han verta tryggja mot dodeleg fåre. Det vesle som han hev av instinkt er for lite til å gjeva honom det som han treng, i staden lyt han få det frå andre. [...] Det vesle mennesket, som er dømt til å tapa um det skulde konfrontera naturen, er teke i mot av den gravide, mildt og menneskelegt: Han liver berre av di han der er den vesle borgaren».*

Det som det vesle mennesket fær fritt frå umgjevnadene, det kjem det aldri til å vera i stand til å gjeva attende. For det fær ikkje berre alt kostnadsfritt frå foreldri sine: Det fær alt det som forfedrane våre gjennom generasjonar hev bygt upp av sivilisasjon og kultur. For kvar ættled akkumulerar sivilisasjonen ny kunnskap, ny teknikk. For kvar ættled tek individet imot meir og meir frå samfundet enn det som det sjølv kann gjeva attende. Det siviliserte mennesket, nett av di det er sivilisert, skuldar samfundet mykje meir enn samfundet skuldar honom.

Ikkje ein gong um mennesket vilde, kunde det sleppa undan denne røyndomen. Reisa ut på landsbygdi og liva av det jordi gjev? Dei fleste plantar er kultiverte, dei fleste dyr er husleggjorde (domestiserte). Jamvel dei som freistar liva direkte av naturen liver til sjuande og sist av arbeidet åt generasjonar som kom fyre oss.

Den liberalistiske teorien um samfundet som ein kontrakt millom egoistiske individ er soleides ein teori som strir mot både natur og kultur.

## Dei røynelege byggjesteinane i samfundet

Ikkje berre ideen um ein kontrakt millom individi er grunnfalsk. I det heile det å stella individet upp som den grunnleggjande byg-

gjesteinen i samfundet vert etter Maurras sitt syn grunnfalskt, det med. For individet er ikkje noko varande. Nye individ kjem stødt til, og gamle individ gjeng til grunne. Det som derimot gjeng vidare, det er sjølve livet - familien. Familien er difor det som vert grunnsteinen i samfundet (som ikkje berre er meint å vara i ein menneskealder, men som gjeng langt utyver dette). Og familien er ei eining som er røtt i naturen sjølv, i motsetnad til ein tenkt samfundskontrakt som ingen nokon gong hev sett og langt mindre skrive under på.

Menneski modellerte som individ er dimeir ein abstraksjon der ein hev skore burt alt det som skil folk frå einannan, med di ein segjer at alle menneske er grunnleggjande like og difor hev same grunnleggjande rettar. Men å segja at alle menneske er grunnleggjande like er å taka burt alt det som gjer kvart menneske til noko unikt. Jamvel millom dyri finst det nok av individ, det er ikkje noko som er serskilt for menneskesamfundet. Det menneskesamfundet hev som dyreriket ikkje hev er *personar*. Personar, som er forma av og som finn sinn plass i det samfundet dei liver i, og der sume av dei kanskje er på rett stad og til rett tid til å setja sin stempel på samfundsvoksteren (her er det nærliggjande å leggja til at Maurras ikkje so langt frå den indoeuropeiske fyrestellingi um helten. Sjå "Tvo indoeuropeiske heltar" av Stig Andresen i Målmannen nr 2 2012).

## Autoritet vs fridom

Kvar vert det då av den personlege fridomen? Vert han burte saman med konseptet um individet? Nei, tvert imot, meiner Maurras. Skal ein få fram det beste i kvart menneske, i kvar unike *person*, so treng ein eit samfund og ei styresmakt som kann ordna ut og leggja det rette rådeverket for dette.

Maurras poengterar at fridom og autoritet høyrer saman. Ein kann ikkje ha fridom utan å ha autoritet: Skal familien ha handlefridom, lyt familiefaren ha autoritet. Skal lokalsamfundet ha fridom, lyt dei lokale styresmaktene ha autoritet. Skal religionsfridomen råda, lyt dei ulike religiøse praksisane verta respekterte. Og her kjem me attende til det som eg heilt til å byrja med drog fram som Maurras sitt fremste prosjekt: Å finna den rette balansen millom folket sin fridom og styresmaktene sin autoritet.

## Verdien av tradisjonar og hierarki

Maurras definerar sivilisasjonen som "ein materiell og moralsk kapital som vert vidareførd". Tradisjonen er det rådeverket der ein stødt kann akkumulera ny kunnskap. Det er tradisjonen som kann føra oss vidare inn i framtid.

Maurras freistar etablera at ordenen i samfundet heng saman med ordenen i naturen. Det liberale synet på samfundet jamfører han med dei mest primitive organismane i naturen: Dei eincella organismane som reproduserar seg gjennom einfeld cellekloyving. Ein eincella organisme kann aldri skapa noko meir enn ein kopi av seg sjølv. Men i ein fleircella organisme hev dei ulike cellone kvar sine oppgåvor. Dei ulike cellone treng kvarandre, og saman konstituerar dei noko som er større enn einskildkomponentane. På same måten er samfundet meir enn berre einskildindividi.

Og på same måten som det er eit tap for naturen når eit friskt og velutvikla dyr brått døyr, på same måten er det eit tap for samfundet når eit menneske døyr og den formua dette mennesket mødesamt hev samla upp vert spreidd for ver og vind.

Det er difor det er eit gode med arv. For eit menneske som hev evne og vilje til det, so er det ikkje vanskelegt å leggja seg upp pengar eller å få seg ei god utdanning. Det som derimot er sers vanskelegt, og som samfundet difor helder bør leggja til rettes for enn å motarbeida, er at det som eit menneske hev klart å byggja upp, anten det er tala um eigedom eller kompetanse, kann verta noko som neste generasjon kann byggja vidare på.

Eit menneske som er fødd inn i ein handverkarfamilie kann allereide i sers ung alder gjera eit sers godt handverk dersom han frå byrjingi av er fyrebudd på og fostra for denne oppgåva. På same måten kjenner den eldste odelsguten på garden eit heilt anna andsvar for garden enn det dei yngre syskeni gjer, for han veit kva som ventar honom. Eller tenk berre vår eigi soga der sume av dei mest myteumspunne kongane hadde kome på truna berre 15-20 år gamle!

Maurras dreg ein parallell til det å flytja til eit nytt land: For sume kann det å flytja til eit nytt land verta ein stor rikdom, både for det nye landet og for dei sjølv. Men for dei fleste kjem det berre til å gjera livet vandslegare, med nytt mål og nye seder og skikkar. Jamvel um nokre få er i stand til å koma styrkte ut or denne umstillingi, er det ikkje noko mål i seg sjølv å gjera det. Og på same måten som dei fleste er best tente med å verta verande i sitt eige land, so er det for dei fleste best å verta verande i den sosiale gruppa som dei opphavlegt høyrer til i.

## Hierarki og menneskeverd ingen motsetnad

Ein kann ikkje segja at alle menneske er like, meiner Maurras. Tvert imot, me er alle ulike, og me hev alle kvar vår serskilde plass i samfundet. Samstundes finst det hjå alle menneske noko grunnleggjande likt, ein inste kjerne so å segja, som er den same: Kvalt menneske lyt stella seg spursmåli um kva som er viktigst i livet, kva er det som er rett og kva er det som er gale, kva er det som er verdfullt, kva er det som

er vent. Kvalt menneske var ein gong ein søt liten reivunge, kvart menneske skal ein gong døy...

Ein kann ha sympati med eit gråtande menneske som ein ser på eit bilæte, jamvel um ein ikkje kjenner dette mennesket, for ein kjenner likevel i dette mennesket att noko av seg sjølv. Jamvel um me ikkje er like, hev me difor alle eit grunnleggjande verde for andre menneske, same kva slags posisjon i samfundet ein skulde ha.

## Demokrati: Samfundet som konfliktmodell

I eit demokrati vert landet styrt av eitt eller fleire parti. Men burde ikkje berre nemningi parti få ei klokka til å ringja? Skal staten taka parti for nokon, spyrr Maurras. Skal han ikkje samla dei ulike gruppone til det beste for alle?

Utgangspunktet for demokratiet er ein modell som legg til grunn at ulike grupper ligg i konflikt med einannan: arbeidarar mot arbeidsgjevarar, byborgarar mot bønder, og so burtetter. Kor som er: på same måten som kvart menneske tek i mot mykje meir frå samfundet enn det er i stand til å gjeva attende, er det mykje meir som samlar dei ulike gruppone i samfundet enn det er som skil. I familien kann det koma til strid millom mann og kona, millom foreldre og born, og sumtid kann det jamvel vera sunt, so lenge det ikkje eskalarar seg til eit nivå som trugar familien med å ganga i oppløysing. På same måten er det naturlegt at det er spaningar og usemjar i eit samfund, men det må ikkje få utvikla seg til eit slikt nivå at det trugar med å riva samfundet i fillor (slik ein kanskje skimtar umrissi av i dag).

I ein familie er utgangspunktet at det skal vera fred, og at familiefaren hev autoritet nok til å løysa interne problem når desse kjem upp og soleides sikra husfreden for alle. I samfundet burde det vera likeins: Utgangspunktet må vera at samfundet er organisert på ein slik måte at fred og harmoni er normaltilstanden. I ei bedrift burde arbeidsgjevar og arbeidarar standa saman um å produsera varor som er til nytte for samfundet. Demokratiet gjer det motsette: Dei gjeng ut frå at konflikt er normaltilstanden, arbeidarar vert sette upp mot arbeidsgjevarar, parti vert sette upp mot parti. I staden for å skapa verdiar og gode som alle kann ha nytte av, vert det lagt upp til ein kamp um det som til slutt berre vert att som smulane av det ein kunde ha skapa saman.

## Eit andsvarpulveriserande system

Demokratiet hev skapt eit system der einskildmennesket vert gjeve stødt fleire grunnleggjande individuelle rettar. Men kva er ein rett dersom ein ikkje kann setja makt attum kravi?

Problemet er at demokratiet bryt ned alle dei røynlige strukturane som verkelegt kunde gjeva einskildmennesket ryggsto til å hevda rettane sine. Det verkelege landet, bygt upp stein

på stein av familien, lokalsamfundet osv, vert bytt ut med eit formelt land - eit andlitslaust system av byråkrati og kunstige institusjonar. Når einskildmenneski vert rivne upp or desse strukturane, og kløyvde upp etter kunstige skiljeliner der dei helder burde stå saman, då vert dei lette å manipulera (jamfør Maurras sitt poeng um at det vert ingen fridom utan at det ogso finst autoritet).

Konsekvensen er at det liberale demokratiet gjer folk andsvarslause. Ein reknar med at systemet skal rydja upp framfor at ein vil handla sjølv. Når einskildmennesket ser andre menneske som hev problem, som tiggaren på gata, so tenkjer dei at dette er staten si oppgåva å løysa, det er ikkje mitt andsvar å bry meg. Likeins med byråkratane som sit og handterar menneskelagnadene: dei held seg til lover, regelverk og fleirtalsvedtak. Ingen stad finst det eit menneske som faktisk lyt standa personlegt andsvarleg for den rådande stoda.

Ved å fjerna personleg makt, vil det liberale demokratiet hindra "vilkårlege" avgjerder. Men kvar einskild sak er unik. Det vert ikkje noko betre med eit straumlineforma og til slutt umenneskelegt system. Døme på dette frå vårt eige Noreg hev me fenge frå NTNU-professorane Einar N. Strømmen og Tor G. Syvertsen. Dei kann sanna at "*[p]roblemet er at myndigheter, regelskrivere og byråkrater har mistro til alt og alle. Dermed blir regelverk detaljerte, kron-glete og uforståelige*" ("Det regelstyrte samfund", kronikk i Aftenposten, 26/10/2011).

Den demokratiske staten fungerer nær sagt som eit virus. Han et seg inn i alt som er livande. Der det tidlegare var menneske som friviljukt og med engasjement og glød tok på seg samfundsuppgåvor, sit det i dag funksjonærar som fær løn for å gjera jobben sin.

Frå vårt eige Noreg skal ein ikkje lengre enn til målrørsla for å finna døme på nett det...

## Det reelle landet og det formelle landet

Det formelle landet er kontraktssamfundet, det liberalistisk eller sosialistisk modellerte samfundet der samfundslivet er regulert med kontraktar millom einskildmenneske.

Det reelle landet er det landet som liver, i kraft av sine familiar, lokalsamfund, band millom menneske tufta på venskap eller tufta på blodsband.

Frå liberalistisk eller sosialistisk ståstad må det vera katastrofalt at småe born vert kasta inn i udana arbeidarklasser utan å spyrrja um det. Familien etablerar seg heilt av seg sjølv som ein sjølvstendig stat i staten, og representerar soleides i seg sjølv ein fære for det egalitære prosjektet. Best å få ungane inn i barnehage og andre institusjonar so tidlegt som råd, for å einsrette oppveksten. Det som i gamle dagar var den siste, verste utvegen (barnehage) er vorte til regelen.

Frå tradisjonell ståstad er familien derimot den beste råma for oppvekst, han skriv seg frå naturen sjølv, so kvifor skal ein i våre dagar byta dette ut med barnehage og førskulepedagogar? Dersom ein hev tilgang på vatn og vind, treng ein ikkje fara ut på jakt etter ei ny og kunstig energikjelda!

### Kva kann vitskapen fortelja oss um politikken?

Historiske lover som let oss spå um framtid, slik som til dømes den dialektiske materialismen åt Marx tykkjer ikkje Maurras hev nokon tilværerett. Det ein derimot kann gjera, er å draga sume slutningar frå det som sogar fortel oss. Her ser ein at visse åtgjerder hev visse fylgjor. Maurras dreg ein parallell til kjemien: Dersom ein varmar vatn upp til hundrad grader under normalt lufttrykk, so kjem det til å koka. Det er heilt sikkert. På same måten er det heilt sikkert at dersom ein hev eit demokratisk system tufta på val, so lyt politikarane føra ein politikk som gjeng ut på at dei må samla mest mogleg makt millom kvar gong det er val, og føra ein politikk som gjeng ut på å sikra attval. På den måten fører demokrati til meir sentralisering av makti.

Med berre nokre fåe år millom kvar gong det er val, er politikarane dessutan tvinga til å yverbjoda einannan i fagre lovnader for kunna halda på eller å koma til makti. Gapet millom det som politikarane lovar og det som dei er i stand til å innfri kann med rette kallast for eit "demokratisk underskot". Skulde politikarane verkelegt vera i stand til å oppfylla alt det dei hev lova, so hadde dei vore nøydd til å føra ein politikk som gjekk i ti- eller tjuetårsperspektiv, men dette vert det ikkje tid til. I staden må dei etter maks fire år kunna syna til resultat som fleirtalet er tollegt nøgde med. Resultatet vert at dei langsiktig samfundsbyggjande løysingane, som gjerne kann vera upopulære til å byrja med, lyt vika for stuttsiktige åtgjerder som ofte ikkje bøter på noko som helst.

### Ei styresmakt sjølvstendig frå serinteressor

So langt som råd er so skal det "det reelle landet", som er desentralisert og bygd upp av livande og naturlege strukturar, som familiar, landsbyar, regionar, økonomiske verksemdar, etter Maurras sitt syn kunna styra seg sjølv.

Det trengst likevel ein autoritet på toppen av det heile, men det må då vera eit menneske, nokon som er levande på same måten som det reelle landet er bygt upp av strukturar som er levande. Dette er grunnen til at Maurras vil at landet skal styrast av ein konge:

Når kongen, med sin absolutte og uavhengige autoritet, skal taka ei avgjerd, so lyt han segja at "eg hev tenkt nøgje gjennom saki, og eg hev kome til ei avgjerd som eg kann stå for". Han kann ikkje vaska hendene sine burt frå ei sak med å segja at "slik er regelverket"

eller "det vart 50 røyster for og 40 røyster mot, fleirtalet hev tala" (Kor fårleg denne tankegangen er, hev me i moderne tid sett døme på frå Milgram-eksperimentet. Kven som helst kann gjera kva som helst, dersom nokon andre berre segjer, "ikkje tenk på dette, berre gjer som me segjer, me tek andsvaret". Det er problemet dersom det er eit system som styrer, og ikkje eit menneske som lyt standa personlegt andsvarelegt. Sjå til dømes en.wikipedia.org/wiki/Milgram\_experiment).

Charles Maurras slær fast at kvart land hev sin eigen individualitet, og han vil ikkje segja at det finst ei styreform som er den ideelle for alle land. For kvart land lyt ein analysa sogar og sjå kva det er som hev fungert og kva det er som ikkje hev fungert. For eit land som Frankrike meiner han at det er altfor store skilnader, geografisk, sosialt og økonomisk, til at ein kann leita fram nokor serskild gruppa som kann representera interessone åt heile folket. Same kven det er som sit med makti, so risikerer ein at det endar med korrupsjon og maktmisbruk. Den einaste løysingi er å finna fram til ein autoritet som er fullstendig uavhengig av alle dei ulike dominerande gruppone i samfundet. Løysingi her er då monarkiet. Kongen representerar ikkje nokor serskild gruppa i samfundet, men stend yver desse. Og han treng ikkje å endra politikken sin for å tekkjast eit fleirtal. Han er ikkje vald, men fødd til å styra. Kongen hev soleides ein autoritet som er både absolutt og som er uavhengig.

Kva då med maktmisbruk frå kongen si sida? Maurras gjer seg ingen illusjonar: Det må ein rekna med. Men det avgrensar seg sjølv kor mykje skade ein maktsjuk konge kann gjera, for makti hans avgrensar seg sjølv i det reelle landet som er bygd upp stein på stein av sjølvstendige familiar, sjølvstendige regionar, sjølvstendige økonomiske verksemdar. Kongen si rolla er å stå som garantist for at dette reelle, livande landet, framleis skal få bløma. Og skulde kongen syna seg å vera udugeleg, so liver han i minsto ikkje ævelegt, men vert fyrr eller seinare avløynt av ein ny konge. Eit korrupt system derimot, det kann berre søkkja djupare og djupare ned i korrupsjonen. Visst kjem det til å vera maktmisbruk og inkompetanse i eit kongedøme med, men å svara på dette med å innføra liberalt demokrati er etter Maurras sitt syn som å drukna seg i havet for å sleppa å verta bløytt av regnet frå himmelen.

### Ei heilskapleg nasjonalisme

Charles Maurras hev kalla det politiske synet sitt for "nationalisme integral", nasjonalisme i sin heilskap. Kva meinte han med det? Med det meinte han at det var ikkje nok å ha eit nasjonalt huglag. Å vilja verna um landet og kulturen er prisverdig i seg sjølv, men det kann ikkje slutta der. Det kulturelle og moralske forfallet som ein ser i dag er berre ein konsekvens av det

liberale demokratiet. Det formelle landet, representert ved den liberale, demokratiske staten, et seg stødt inn på nye samfundsumkverve, og det gjer han på kostnad av det livande landet, beraren av alt det som nasjonalistane vil verna um. Og ikkje berre det: Alt det som nasjonalistane kunde vera i stand til å få til innanfor rāmone av det liberale demokratiet kann kva tid som helst verta reversert. Ingenting kann verta sikra. Tvert imot er det lagt upp til ein evig umkamp um kvar minste ting som er uppnådd. Nasjonalistane må helder velja ein strategi som kann føra til at so snart dei er komne til makti, so er det som dei vil verna um vorte sikra mot nye åtak. Då treng ein ei samfundsordning tufta på hierarki og aristokrati.

### Korkje høgre eller vinstre

Når ein talar um ei høgre- og vinstresida i politikken i dag, talar ein anten um (1) grupper i samfundet som vert sette upp mot kvarandre (arbeidarar mot arbeidsgjevarar) eller (2) ideologiar som det heiter seg skal vera motstridande (sosialisme og liberalisme). Kor som er, Maurras ynskte ikkje å setja grupper i samfundet upp mot einannan, han ynskte å samla dei. Og både liberalismen og sosialismen er tufta på egalitær ideologi, der det til sjuande og sist einast handlar um å realisera individet sin fridom (jamvel um framgangsmåtane kann vera ulike). Eit organisk samfundssyn som gjeng imot den egalitære ideologien og som helder vil ha eit samfund tufta på hierarki, og der alle grupper hev sin serskilde plass, det er soleides eit syn som gjeng på tvers av heile høgre- og vinstreaksen. Me kann soleides slå fast at Maurras var korkje til høgre eller vinstre i politikken, men stod for ein tredje veg.

### Maurras i dag

Eit moderne land styrt av ein konge? Det kann nok lyda rart og framand for mange i dag. Det næraste eit moderne land hev vore til å verta styrt av dei prinsippi som Maurras legg fram, måtte vel vera Portugal under Salazar.

Jamvel um fyrestellingi um monarki verkar gamal og avaldra for mange i dag: Dei problemene som han skildrar er på mange måtar meir aktuelle i dag enn nokon gong. Familien som grunnsteinen i samfundet hev aldri vore meir truga, og sentraliseringi av politisk makt hev nådd både europeisk og internasjonalt nivå, med tusundtals sidor med EU-direktiv som borgarane fær klaska i hovudet. At stødt fleire ikkje lenger vil vera med på dette spelet, er den stødt minkande valdeltakingi eit tydelegt prov på. For dei som ynskjer å gjera noko med problemet, so kann nok Maurras si uppskrift vera nett den som trengst: Eit livande grasrotengasjement i botnen, med klår retning og leidarskap på toppen.

## Fransk kyrkjemusikar vitja Bergen

Av Lars Bjarne Marøy

Bergen hev lange hevdslinor når det gjeld å dyrka kyrkjemusikken. Organistane i kyrkjone hev vore ruvande kulturpersonlegdomar som ikkje berre hev spela musikk i kyrkjone om sundagane, men vore verksame formidlarar av kyrkjemusikk gjennom opplæring og gjennom å lata byens borgarar få taka del i kunnskapane og dei musikalske nettverki organistane hev samla seg upp.

På sumrane syter pengegevarar for at det vert tri spelstunder med kyrkjemusikk kvar vika. I år var det slik at utøvande musikarar frå fleire land kom til Bergen og heldt spelstunder onsdag, torsdag og søndag. Spelstundene vart skifte millom kyrkjone med best orgel, Johanneskyrkja og Domkyrkja. Eg vart serleg huga på spelstundene til franske Gishlain Leroy.

Orgelmusikaren Gishlain Leroy frå Frankrike vitja Bergen i juli. Domkantore Kjetil Allmenning må ha gode samband til Frankrike, for i mai var det Hampus Lindwall som kom frå Notre Dames heimland. Kor som er, slike vitjingar vert kjærkomne for alle som vil ha nye inntrykk frå den musikalske verdi. Leroy hadde ein mangslungen spelsetel, med millom anna kjende namn som Bach og Cesar Frank. Både desse tonesetjarane er skilsetjande i kyrkjemusikken. Leroy held seg soleis både her og elles til nokso hevdvunnen, men tonerik og spanande musikk.

I Johanneskyrkja var spelsetelen sett saman av fire tonesetjarar Felix Mendelsohn, Cesar Franck, Vierne og Augustin Barié. I domkyrkja kom Bach til sin rett 12. juli, og dagen etter den franske revolusjonsdagen 15. juli kom det franske hymnar på spelsetelen. Felix Mendelsohn er ein tonesetjar som gjeng att hjå mange organistar. Mendelsohn arbeidde med orgelmusikk frå han var 11 år gamal og til han døydd. Han er mest kjend for preludiane og fuguone, Op. 37 (1837) og for dei tri sonatane Op. 65 1845. Dei seks sonatane til Mendelsohn og Bachs tonesetjingar er hynresteinar i kyrkjemusikken. Det var vel soleis ikkje noko rart at Leroy tok til med Mendelsohn. Det slo an ein stil med roleg, hevdvunnen og gjevande musikk.

Eg er for ein ukunnig å rekna innanfor kyrkjemusikken. I fjor vart eg sterkt teken av avviki frå den hevdvunne musikken etter ein spelkveld i Hamburg. Etter spelstundene med Leroy hev eg vel vorte meir innsett i den hevdvunne tonekunsten. Ein ser fyre seg Bach og den musikken som ein er vant til å høyra i kyrkjor og so vert alt anna avvik frå desse toneformene. Slik sett kjem Cesar Franck (1822-1890) i same fylgjet som Bach, men han hev likevel mykje nytt ved seg.

Franck var ein god pianist, og gjorde seg kjend gjennom mange spelferder. Arbeidsdagen hans skulde han like fullt ha ved orgelet, og i St. Clotilde-kyrkja fekk han arbeida med å spela orgel, der hadde han nok å gjera inntil arbeidsdagen hans tok slutt. Orgelprofessor vart han frå 1872 og livet ut var han ved Paris-konservatoriet. Nokre av elevane hans var mellom anna Vincent d'Indy, Ernest Chausson og Henri Duparc. Organisten Franck kjenner ein serleg godt på at han heldt seg glup til å spela etter innfallsmetoden.

Franck vart stor av lite, medan Bach vart stor av mykje. Dei fagkunnige meiner at det berre er 12 store orgelverk som set Franck på andre plass attum Bach når ein skal setja upp ei lista yver dei største orgelkomponistane gjennom tidene.

Mange av verki til Franck gjer bruk av ei «syklisk form» (med same tema i fleire satsar av eit verk). Musikken er ofte prega av å fløkja seg til på kontrapunktisk vis, den hev eit jamvektugt språk som er lett romantisk, ein kann finna inngevne frå Richard Wagner. Franck vann det meste av namnet sitt på nokre få av verki han skreiv på slutten av livet, serleg symfonisk musikk millom 1885 og 1888, og Preludium, koral og fuge for solopiano (1884) og ein sonate for fiolin og piano (1886). Det siste verket han fullførde (og eit av hans store), er koral nr. 3, i a-moll. Franck døydd i 1890 og vart gravlagd på Cimetière du Montparnasse i Paris.

Franck var tilliks med Mendelsohn fin og avslappande å lyda til. Det kjennest rett og gjevande å sitja og høyra på slik musikk. Når ein trivst med Bach og tykkjer han hev skapa verk av varande verde nær sagt utan at ein treng tenkja yver det, so må ein vel segja at Franck hev noko av den same dåmen ved seg. Det er musikk som berre fyller romet ikring med ro.

Augustin Barié (1883 –1915), var ein fransk tonesetjar og organist. Eg veit ikkje kor kjend han er, men han høvde iallfall greidt inn i resten av spelsetelen til Leroy. Barié var fødd blind. Han hadde lange hender, og det fekk han til å spela vanskelege orgelarbeid som verk av Cesar Franck, på nokso lett maner. Han var organist ved St Germain-des-Prés i Paris. Han vart òg professor i orgelspel ved the Institut National des Jeunes Aveugles.

Han var umtykt av di han kunde spela etter innfall. Han var ein av ei lang rad franske orgelmeistarar som høyrde til den romantiske spelestilen. Barié skreiv mest for orgel millom anna Symfoni (Op. 5) og Trois Pieces (Op. 7). Han døydd berre 31 år gamal. Eg fekk ikkje noko fullstendig inntrykk av denne toneset-

jaren, so han må eg nok venda attende til ved eit seinare høve.

Leroy held fram med Louis Vierne. Vierne hadde eit vanskeleg liv. Han var mest blind frå han var fødd. Han vart ikkje heilt blind, men synet vart dårlegare og dårlegare med tidi. Han gjekk òg gjennom mange både lekamlege og sjelelege krisor, men var sterk og fekk gjort mykje likevel. Mange kjende franske kyrkjemusikarar vart underviste av Vierne.

Vierne vart rekna for den leidande og beste innfallsmusikaren i si levetid. Han fekk spela inn nokre fåe upptak på fonograf, desse upptaki skal, etter segjande, høyrast ut som gjenomarbeidde og vellaga tonesetjingar.

Han hadde ein nydeleg skrivestil som sette formi framfyre alt. Musikkspåket hans var jamvektugt og rikt på romantikk, men det var ikkje kjensledrypande og teatralisk, iallfall ikkje i same grad som Cesar Franck. Det var fleire fin de siecle organistar i Frankrike i skiftet millom 1800-talet og 1900-talet. Vierne vart kannhenda rekna for å vera den mest opphavstrugne millom dei som nytta same spelgreidor som han og hev gjeve kveik til det meste av dei store parisiske orgelkomponistane som fylgde etter honom.

Verki hans femner millom anna um seks orgelsymfoniar, 24 fantasistykkje (som omfattar den kjende Carillon de Westminster, og 24 stykkje i Fri stil, millom andre verk. Det finst òg fleire kammerverk (sonatar for fiolin og cello, ein pianokvintet og ein strjukekvartet m.m.), vokal og koralmusikk, og ein symfoni i a-moll for spelemannslag (orkester).

Dersom ein held fram frå Vierne kjem ein til ein annan kjend tonesetjar, Duruflé. Duruflé kom inn på spelsetelen søndag 15. juli. Louis Vierne peika han ut som medhjelpar ved Nortre-Dame. Frå 1943 vart Duruflé professor ved konservatooret i Paris, der arbeidde han til i 1970. I 1947 skreiv professoren eit verk som truleg er millom dei fåe verki han skreiv og som han vart kjend for: Rekviem op. 9, for eineframførarar, kor, orgel og spellag (orkester).

Duruflé fann sterkt åt sine eigne tonesetjingar. Han gav berre ut ei handfull av arbeid og heldt gjerne fram med å skriva um og endra stykkje etter at dei var offentleggjorde. Til dømes toccataen frå Suite op. 5. Han hev ei avslutning i det fyrste avbriget som han byter ut i dei seinare avbrigdi. Utfallet av all umskrivningi hev vorte at musikken stend sers høgt på spel-lista til mange orgelspelarar.

Alle spelkveldane bar preg av høg kvalitet, og jamvektugt musikk.

## Mytologifestivalen i Hatlestrand

Av Olav Torheim



*På dagtid var det millom anna demonstrasjon på millomaldervåpen og millomalderske musikkinstrument.*

*Vèret kunde ha vore betre, men dei som tok turen til Mytologifestivalen i Hatlestrand fekk uppliva noko utanum det vanlege.*

Det er far og son, Knut Johan og Kristoffer Nerhus, som er eldsjelene attum dette nye tiltaket i Lundarhegni Naturpark, ein naturpark som dei sjølve hev ordna til frå deira eigi utmark.

Festivalen, som gjekk yver tri dagar, hadde eit skifterikt program for både store og små, men der alvane og det løyn-domsfulle livet deira gjekk att som ein raud tråd.

Fredagen opna festivalen med alvedans ved koreograf Siri Petersen, og med nykomponert alvemusikk av Maria Malmstein. Neste dag heldt det fram med alvemarknad, andlitsmåling, bogeskyting og natursti for born. Under heile festivalen var millomaldermarknaden open, med sal av både hevdvunne klede, gamaldagse musikkinstrument, millomaldervåpen som sverd, øks og boge, og lærebøker i historiske disiplinær (som vår eigen nedervde kampsport frå vikingtida, klima). For dei som var svoltne, var det ei

stor suppegryta yver elden som ein kunde forsyna seg frå.

Høgdepunktet for festivalen kom likevel med konserten um kvelden. Fyrst ute var den samiske tusundkunstnarinna Elin Kåven. Elin Kåven lagar meditatív musikk med dragnad mot det mystiske og med innslag av hevdvunnen samisk joik. Denne kvelden joika og dansa ho til tonefyllgje av barython-gitaristen Odd E. Simensen. Kåven spurde til å byrja med um dei framømte kanskje vilde høyra henne syngja på engelsk slik at dei skyna kva ho song um, men dette vilde ikkje publikum høyra tala um. Skulde songen vera opphavleg, laut han vera på hennar eige tungemål.

Takk vere den stemningsfulle og lokkande joiken hennar Elin Kåven, var stemningi perfekt då Eliwagar kom ut på speltilet. Dei som las Målmannen sitt intervju med Eliwagar i nummer 3/2011 veit alt at Eliwagar spelar nasjonalromantisk folkemusikk som set søkjeljos på det opphavlegt nedervd nordiske (Eliwagar freistar å lata livet fylgja læra i kvardagslaget med di dei liver og arbei-

der på eit tradisjonelt og økologisk gardsbruk i Eikelandsosen i Fusa).

Og Eliwagar skapte vyrndnad for seg av di ho framførde både gamalt og nytt låttilfang på kraftfullt vis ("Fra hjertet av Norden", som kom ut tidlegare i år, er den tredje plata deira i rekkja, so det byrjar verta nok av godbitar å taka av).

Til vanlegt er Eliwagar soloprojektet åt Runahild Haleygir, med ektemannen Bjørn Dahl på gitar, men for å kunna halda konsert fekk dei denne kvelden støtte frå Megan (Hekseri, Witchblood, Idis Örlög) på akustisk gitar, Antoine på trumbor og Kendra på koring.

Eliwagar hausta fagning millom tilhøyrarane, som dansa ikring framfor speltilet i ausande regnvør. Det var Elin Kåven som gjorde upptak til dansen, då ho byrja å svinga seg ikring på si eigi mystiske vis.

For Eliwagar sin part var dette den fyrste konserten nokon gong, og det hadde folk fenge nyss um langt utanfor Noregs grensor. Millom åhøyrarane fann ein soleides gjester frå både USA, Frankrike, Sveits og Italia.



*På kvelden var det tid for konsert, fyrst med samiske Elin Kåven og dinæst med nordiske Eliwagar, bae tvo like trugne mot upphavet sitt.*

## Spreidde tankar kring Festspeli i Bergen 2012

Av Lars Bjarne Marøy

Festspeli i Bergen vart halde for sekstiande gong i år og som vanleg var byen prega av tilskiping. Det er både gamal og ny musikk, nye utøvarar og gamal musikk og ny musikk av nye utøvarar. Byen vart serleg sterkt prega av tilskiping i år. Ikkje berre med kunstutstilling og ei bu med glimt frå soga åt festspeli midt på Festplassen, men òg med andre tilbunader. Det som kannhenda flest la merke til og sette pris var det sjodande folkelivet kring nattjazzen i Vågsbunnen. Her var det nok av trekunstverk og andre utformingar og utelivet var sers rikt – med uteservering, musikk og sal av festivalartiklar - kring dei 6 til sju jazzkonsertane som vart avvikla kvar einaste dag.

Men festspeli er noko anna enn nattjazz, jamvel um han høyrer med. Dei store spelstundene er nok kannhenda det folk vil leggja mest vekt på. Xerxes, operaen av Mendel, vart framført av tyske musikarar som kom eins ærende upp til Noreg og for rett ned att til Tyskland. Framføringa vart god motteki i pressa i Bergen. Leif Ove Andsnæs framførte Beethoven i Grieghallen. Læraren hans Jiri Hlinka hadde konsertar i Rekstensamlingane.

Då eg var innum billettkontoret var det mykje som var utselt, so eg laut halda meg til det eg kunde få. Høgdepunktet var utan tvil spelkvelden i Håkonshallen med cellisten Truls Mørk som hadde med seg Marianne Thorsen på fiolin og Christian Ihle Hadland på piano. Det var tvo konsertar – under merkelappen russisk aftan.

Den andre var knytt til Pjotr Iljitsj Tsjajkovskij (1840- 1893) og Dmitrij Shostakovich (1906-1975). Båe desse tonesetjarane er kjende frå Harmonien frå våren 2012. Men denne gongen var det tonesetjingar med sokalla pianotrio, det vil segja tonesetjingar der ein sette i hop fiolin, cello og piano. Emne for konsert nr 2, laurdag 26. mai var av det djupe slaget. Det handla um personlege møte med død og krig. Erling Dahl jr. tek fyre seg musikken i spelbladet. Shostakovich var prega av holocaust under krigen. Han fann inngjevna og verkemiddel frå melodiar og skalaer frå gamal jødisk tonekunst, slik som han kjende deim. Musikologen Ivan Sollertinskij fekk sjå skissone, men han døydde vintaren 1943/1944. Shostakovich sakna venen sin og verket vart òg eit personleg uttrykk for denne saknaden, men verket stend for noko langt meir. Det hyllar det jødiske folket og reiser eit minnesmerke yver krigs offeri.

Jamvel um Shostakovich komponerte ver-

ket sitt på 1940-talet var han meir hevdsbunden enn Tsjajkovskij. Shostakovich nytta fire satsar, medan Tsjajkovskij var langt meir nymotens i 1880-åri. Han nytta berre tvo hovudbolkar, ein vanleg fyrstesats og den andre med tema med variasjonar og ein lang Coda.

Tsjajkovskij miste venen sine Nikolai Rubinstein som døydde av tuberkulose i Paris i 1881. Han og Tsjajkovskij hadde vore yrkesbrør ved musikk-konservatoriet i Moskva – Rubinstein grunnla det i 1866. Han var ein viktig talsmann for Tsjajkovskijs musikk.

Trioen byggjer på tema som ein finn att i russisk og ukrainsk folkemusikk. Tsjajkovskij lærde mykje av barnegjentone sine som kunde både songar og melodiar. Han bygde dei fint ut i mange ymsande tema i tonesetjingane sine. I Codaen vender klagesongstemaet tilbake frå opninga, og verket vert avslutta med noko som minnar um ein endelaus syrgjemarsj.

### Maja Ratkje

Maja Solveig Kjelstrup Ratkje (fødd 1973) er tonesetjar og muskar. Ratkje spelar og syng i innfallsbandet SPUNK som hev vore i sving sidan 1995 og i performancetrioen Agrare. Ho hev skriva musikk for orkester og muskar-grupper, elektronisk og akustisk, ljodinstallasjonar og speltilsmusikk, og reiser mykje kring i verdi med musikken sin, ho utøver musikk, er innfallskunstnar og komponist.

Eg hadde ikkje allverdsens voner til konserten i Johanneskyrkja, men dei få eg hadde vart diverre ikkje innfridde. Ratkje verka tiltalende med å skulla visa kunstverk av HC Gilje og laga elektroniske røyster til denne kunsten, men det vart for høg ljodstyrkje og for sterke uljodar til at eg treivst. Ein melder i Bergens Tidende skreiv at han måtte skru ned ljoden når han høyrde på musikk av Ratkje, for han frykta at grannane skulde ringja til politiet av di dei skulde tru at det gjekk fyre seg noko fælslegt heime hjå honom. Ratkje hev utan tvil mange gode idear, men uljodane vart for mange og høge for min del.

Ksenija Sidorova (fødd 1988) fann eg meg langt betre til rette med. Sidorova er frå Riga og studerte musikk i heimbyen, fyre ho drog til London. Der vart ho student ved Royal Academy of Music. Ho hev vore med i mange millomfolkelege talenttevlingar i fleire europeiske land. Ho hev fenge høve til å spela saman med fleire store orkester og fenge fleire utmerkingar.

Akkordion er ikkje den fyrste spelgreida

ein tenkjer på når ein tenkjer på klassisk musikk, men Sidorova fær ein fort på andre tankar. Musikken hennar set kyrkjemusikk på orgel i eit nytt ljøs. Akkordionen fær fram klanger og stemningar som er verdfulle, og ein merkar seg at musikk på orgel og på akkordion kann ha noko sams. Sidorova er allsidig og hev spela inn musikk der ho tolkar Nordheim, Bach, Scarlatti og Mozart.

Det var elles musikk av tonesetjaren Alfred Schnittke eg feste meg ved. Sidorova let til å lika Revis fairy tale, men Schnittke hev meir å bjoda på enn som so. Han var ein allsidig komponist som ei kann ansa meir på.

Schnittkes musikk var til å byrja med prega av sterk innverknad frå Dmitri Shostakovich, men etter at han hadde møtt den italienske tonesetjaren Luigi Nono, tok han upp ein sokalla serieteknikk i arbeidi sine, slik som i Musikk for Piano and kammerorkester (1964). Schnittke vart likevel leid av denne teknikken og skapte ein ny stil som vart kalla polystilisme. Der blanda han og sette i hop musikk frå fortid og notid. Han ynskte å setja saman lett musikk og ålvorleg musikk. Han arbeidde med denne stilen på 1970-talet. Det let til at denne fleirtonebruken slær godt ut for ein som spelar akkordion og at Sidorova likar stilen.

Schnittke vart meir og meir kjend i vesten ettersom russiske utvandrarar byrja å spreida musikken. Schnittke var mykje sjuk, men likevel verksam og i 1990 reiste han yver til Hamburg og busette seg der. Han døydde i 1998.

Ein annan muskar som gjorde seg gjeldande under festspeli var Hampus Lindwald frå Stockholm. Han er no busett i Frankrike og hev arbeidd med musikken til Jeanne Demessieux (1921-1968).

Jeanne Demessieux (1921-1968) vart fødd i Sud-Frankrike. Ho var organist i Saint Esprit. Den posten hadde ho i 29 år. Ho studerte orgel privat med Marcel Dupré og gjekk i klassen han på konservatoriet frå 1939. Frå 1946 byrja ho å spela millomfolkelegt. Ho hadde meir enn 700 konsertar i Europa og i Sambandsstatane. Ho hadde eit minne som var heilt eineståande. Ho kunde 2500 arbeid utanboks. Det umfatta orgelverki av Bach, Franck, Liszt, Mendelssohn og Dupré.

Hampus Lindwall hev no arbeid i same kyrkja som Demessieux. På festspeli i Domkyrkja fekk me høyra utdrag frå Demessieux verk Te deum op 11. Etterpå vart det diktupplasing og innfallsspel til dikti. Det var godt å få høyra tekster på både i-mål og klassisk norskdanisk mål. Improvisasjonane

vart fagna med kraftig handklapp.

Rustavi Choir gjesta Domkyrkja laurdag 26. mai. Desse mennene song med kraftfulle røyster som bar godt i kyrkja. Det var georgiansk folkemusikk som stod på spelsetelen, og me fekk uppleva alt frå dansemusikk, til arbeidssongar og kjærleiksvisor.

Georgiarane hev vore utsette for sterke påverknader frå folk utanfrå, men hev likevel teke vare på både språk og musikk. Dei er

glade i vakre og fleirstemde songar. Rustavi Choir vart skipa i 1968 og hadde til mål å taka vare på dei gode hevdslinone attum musikken. Fram til i dag hev koret halde meir enn 4000 konsertar og vore på spelferd i meir enn 70 land.

Mennene steller i det som spelheftet for festspeli kallar «uniformar». Det er vel ein slags tjodleg bunad. Dei framfører georgianske hymnar som hev røter fleire hundrad

år tilbake i tid. Den kunstnarlege leidaren heiter Anzor Erkomaischvili. Han høyrer til eit 300 årigt musikalsk dynasti med kjende songarar og kormeistrar. Han hev bruka mange år på å leita fram og liva upp att folke-musikk og kyrkjelege lovsongar.

Det var noko kraftfullt yver musikken. Dette var songarar som verkeleg hadde øvt upp syngjekunsti. Dei viste til fulle kor langt ein kann nå med å ha djup og kraftig røyst.

## Atterkoma med Nocte Obducta

Av Olav Torheim

Nocte Obducta, den tyske, eksperimentelle metallmusikkgruppa frå Mainz som var aktiv frå 1995 til 2006, melde i fjor frå um at dei atter var samla og budde til ny innsats - og det både med two nye plator, “Verderbnis” og “Umbriel”, og ein ny serie med konsertar.

Fredag 15. juni 2012 var det soleides tid for den fyrste konserten med Nocte Obducta på fem år. Staden var Steinbruch-Theater i Darmstadt, og lokalet var fylt til randi med folk som ikkje vilde gå glipp av denne storhendingi. Me talar faktisk um ei gruppa som i ålmenta ikkje er so kjend, men som hev kveikt ikkje so reint fæe andre musikarar innanfor metal-umkvervet.

Å knyta Nocte Obducta til ein ser-skild genre er vandslegt. Dei vert gjerne kalla for “avantgarde-svartmetall”, sidan dei reint musikalsk gjev assosiasjonar til svartmetall, og med tekster som rike på metaforar og personlege minne og røymslor tek fyre seg emne knytte til natur, sorg og døden.

Det vert fortalt so mange ulike sogor um karane attum Nocte Obducta. Fyrst fekk dei ord på seg for å vera høgreek-streme, seinare hev dei svivyrdslegt vorte umtala som vinstretradikale punkarar.



Sanningi er vel at dei er seg sjøelve, heilt einfelt, og til liks med den eksperimentelle musikken deira let dei seg ikkje so lett setja i nokon bås.

## Thrima - Nasjonalsinna hardkjerrock

Av Ornella Winter

Hardkjerrock med patriotisk bodskap hev vorte meir og meir populært i Tyskland. Ikkje minst er det kombinasjonen av sunne verdiar med ein sunn livsstil som hev gjeve hardkjernemiljøet appell. Moshpit, Youth of Tomorrow, Hope For The Weak og Thrima er alle kvalitetsgrupper som me gjerne kjem attende til i seinare utgåvor av Målmannen. For denne gongen nøgjer me oss med å taka fyre oss plata “Vertonte Zeilen” som

Thrima gav ut i året som gjekk.

“Vertonte Zeilen” hev alt som eit godt hardcore-album skal ha: Fyrst kjem ein ålvorstung intro med strykeinstrument, “Einklang”, gripande nok i seg sjølv, men der ein etter ei stund berre ventar på meir brutal traktering med andre instrument. Og nett slik skal det gå. Brått byrjar ein rengd elgitar å herpa heile introen, og iresten av albumet vekslar det jamt og trutt millom krasse riff og meir

kjensledrypande melodiske linor. Den illsinte vokalisten fær rett som det er støtte frå resten av gruppa. I tekstene sviv det seg um emne som at ein lyt stå upp og kjempa for det ein trur for, vera trugen mot ideane sine og ikkje lata kampfelagane sine i stikken. Som til dømes i låtane “Junge Aktivisten” og “Kamerad”.

Sumtid minnar det heile meg litt um amerikanske Life Long Tragedy, etter min smak ikkje akkurat eit minus.

## Rene Guenon - Metafysisk mystikar og tradisjonalist

Av Stig Andresen

*The Essential René Guénon – Metaphysics, Tradition, and the Crisis of Modernity / John Herlihy (redaktør), Martin Lings (introduksjon). - Bloomington, USA : World Wisdom, Inc & Sophia Perennis., 2009 – 312 s. ISBN 978-1-933316-57-4 (hf.)*

«If a few people in the West, through reading the preceding pages, could become conscious of all that is lacking to them intellectually, if they could, we do not say understand, but only just catch a glimpse and a suspicion of it, then this work would not have been written in vain» (side 264).



I Noreg kann det vanskeleg hevdast at den franske religionsvitaren, metafysikaren og matematikaren René Guénon (1886-1951) er eit velkjend namn i dei fleste heimmar. I eit land som diverre hev vorte so vesalt på søkjande intellekt og kultur som vårt eige, er dette kanskje ikkje so merkeleg. Hev ein ikkje rom i livet sitt for vår eigen heimlege arv, so hev ein vel neppe rom for det som kjem frå det europeiske kontinentet helder. Merkeleg mange ser elles yver Atlanterhavet når dei vil kveikja intellektet, men dei vilde standa som livande spursmålsteikn um einkvan vilde tala med deim um det som er odla i moldi til den skandinaviske halvøyi.

Lesaren vert likevel snøgt slegen av at mange mildt sagt store namn innan religion og religionsforskning fagnar boki til Guénon. Dei er medtekne på umslaget av boki, og eg nemner i fleng: Ananda K. Coomaraswamy, Seyeed Hossein Nasr, Huston Smith, Jacob Needleman, William Stoddart, Philip Sherrard, Marco Pallis, Harry Oldmeadow, Whitall N. Perry, Jean Borella, Fader Seraphim Rose, Joscelyn Godwin, Gait Eaton og Walter Shewring, millom mange andre. Når mange av desse ruvande kjempone skriv at Guénon forma dei meir enn deira eige religionsuttrykk gjorde, so er ein på sporet av noko djupt, kor som er.

René Guénon var fødd i Blois i Frankrike, og voks upp i eit strengt katolsk miljø. Han kom frå ein etter måten velhalden huslyd, og livet såg bjart ut for den unge matematikkstudenten. Slik som ein anar, so skulde livet hans i staden taka ei onnor renning enn den borgarlege som var utstaka for honom på fyrehand, fram til han enda sine dagar på 1950-talet som ein konvertitt til ein islamsk sufiorden i egyptiske Kairo. Han let etter seg ein bibliografi som kannhenda er rekna for den viktigaste for

dei som er upptekne av korleis andelege og kulturelle spursmål kann vera samanvovne. At den unge franske kona hans brått og uventa døydde, var nok ein av katalysatorane for dei inntrengjande metafysiske studiane og den andelege oppvakningi som fylgde med honom etterpå.

Boki i seg sjølv er skift inn i fire bolkar, med rundt ti artiklar i kvar bolke. Dei er i grunnen delbolkar av hovudbolkane elder heile artiklar frå mange av dei verki han hev gjeve ut. Forlaget Sophia Perennis hev tidleg på 2000-talet gjeve ut samleverket hans i væne utgåvor, med teikningar på framsida av skri- varen sjølv (1).

Dei fire bolkane i boki som tek fyre seg ulike emne, er knytte til: Den moderne verdi, Den metafysiske verdi, hindu-verdi og sistpå den tradisjonelle verdi. Ein bit seg merkje i at desse bolkane frå utgjevaren er gløgt samansette, for dei byggjer lesaren upp til å skyna bodskapen attum det han les og på det settet forstå samanhengen i tekstane. Det tek til med at han kritiserar den moderne verdi og Vesten, og det er nær sagt einslydande umgrep for honom, han fylgjer på med grunnleggjande metafysiske umgrip, dinæst kjem det eit dukk ned i den hinduistiske tradisjonen av di han kann tena både som serskilt og ålment dømme til å skyna Guenon og til slutt kjem det eit stutt yversyn yver «den tradisjonelle metoden», also korleis alle desse tankane og umgripi fær eit handfast utslag i tekstar um millom anna Gralssoga, taoismen, kristendomen, islam og jødisk mystikk.

### Den moderne verdi

Den moderne verdi bryt med tradisjonelle verde som hev vore rettesnori sidan byrjingi av menneskesoga, og ho er mest motskapt av den tradisjonelle verdi, slik Guenon ser henne. I

våre dagar tenkjer me at me litt etter litt gjeng mot noko betre, det hev vorte til ein framgangsrik tanke, men Guénon vender det på hovudet og segjer at det tvert i mot gjeng fyre seg eit ovstort forfall. Der ein tidlegare hadde andelege senter ein orienterte seg etter, hev no alt splintra seg i alle leider og alle andelege hierarkiske funksjonar er burte (elder rettare sagt dimma, sidan dei aldri kann verta burte, men i verste fall løynde til dess dei kann finnast att). I dag herskar ein platt materialisme, og han regjerar som eit dogme, og kvantitet herskar i motsetnad til den tradisjonelle viktleggjingi av kvalitet. Ein syklus stig snøgt ned i eit historisk utsyn, men det gjeng etter måten sakte og meir umerkande i kvar dagslaget.

Guenon tek utgangspunkt i den hinduistiske fyrestellingi um menneskesoga som ein slags nedettergangande syklus. Han ser fyre seg at denne nedgangen startar frå eit fullkome utgangspunkt langt attum oss i tidi, og endar i den forfallstidi som me ser i dag. Den moderne verdi er på slutten av det som i hinduistisk terminologi vert kalla for Kali Yuga (2), og der hev me vore dei siste 6000 åri.

Forfallstidi vår i dag er merkt av at det breider seg meir og meir antiintellektualisme og intoleranse for synspunkt som vik av frå den kommersielle hovudstraumen. Det som millom anna hev hendt er at materien hev bunde seg fast i menneski, skriv han. Dei moderne menneskji hev freista leggja under seg naturi, men på denne måten vart dei sjølve fanga i eit sjølvskapt tilhøve: «*The more they have sought to exploit matter, the more they have become its slaves, thus dooming themselves to ever increasing agitation without rule or objective, to a dispersion in pure multiplicity leading to its final dissolution*» (side 15). Guénon umgrepsfestar materialisme, slik at han vik av frå den gjengse ein nyttar i dag, for han meiner materialismen stengjer menneski ute frå ei høgare røynd burtanfor materien: «It seems that nothing exists for modern men beyond what can be seen or touched; or at least, even if they admit theoretically that something more may exist, they immediately declare it not merely unknown but unknowable, which absolves them from having to think about it» (side 31). Dette hadde naturleg nok ikkje vore so innfløkt, skynar ein, um det var slik at ein kunde velja å liva tradisjonelt elder moderne, alt ettersom kva ein sjølv hadde for slags fyrebilete, men eit slikt pluralistisk syn er det ikkje råd å finna fram til i dag, hevdar han, for moderniteten er (kannhenda tankevekkjande nok) ikkje so tolsam, for han freistar stødt å tvinga alle inn i det moderne livet: «[...] the fact should be taken into account that not all



*men have the same tastes or the same needs, and that there are still some who would wish to avoid modern commotion and the craving for speed, but who can no longer do so. Could anyone presume to maintain that it is a 'benefit' to these people to have thrust on them what is most contrary to their nature?»* (side 37).

Han vert vanvyrdd og gjord til lätt, han som vil freista å halda seg undan det moderne jaget etter profitt og masseproduksjon: *«[...] the modern West cannot tolerate that men should prefer to work less and be content to live on little; as it is only quantity that counts, and as everything that escapes the senses is held to be nonexistent, it is taken for granted that anyone who is not in a state of agitation and who does not produce much in a material way must be 'lazy' »* (side 38). Han set den moderne vestlege sivilisasjonen opp mot den tradisjonelle, som kann vera både kristen, heidensk, islamsk, jødisk eller hinduistisk. Kva for eit sermerkt religiøst uttrykk den tradisjonelle sivilisasjonen er tufta på, er ikkje det viktige, men at han målber ein ekte og livande tradisjon.

### Den metafysiske verdi

Upp mot den forfalne samtidi set Guénon det han kallar den metafysiske(3) verdi. Guénon skriv at det til dømes i den hinduistiske tradisjonen ikkje finst noko skilje millom esoteriske og eksoteriske religionsuttrykk, slik ein til dømes ofte finn i nyare kristendom, for i India er denne indre og ytre doktrinen nært samanknytte i ein heilskap: *«In India it is not possible to speak of esoterism in the strict sense of the word because there one does not find doctrine with the two aspects, exoteric and esoteric. One can only speak of a natural esoterism, in the sense that each individual will reach just those depths or go just so far into the doctrine as his own intellectual capacities allow, because for certain human individuals there are limitations inherent in their very nature that are impossible for them to overcome»* (side 78).

For, hevdar Guénon, menneski er so mykje meir enn dei freistar å vera, serleg i Vesten. Menneski er ikkje berre atomiserte individ som liver sine stutte liv einsame på jordi, men det er so mykje meir to i deim: *«Indeed, the human individual is both much more and much less than is generally supposed in the West: much more, by reason of his possibilities of infinite extension beyond the corporeal modality, to which, in short, everything belongs that is commonly studied; but he is also much less, since far from constituting a complete and self-sufficient being, he is but an outward manifestation, a fleeting appearance assumed by the true being, which in no way affects the essence of the latter in its immutability»* (side 88).

Guénon ynskjer medborgarane sine alt

godt, for han ynskjer at me alle skulde nytta oss av det tilfanget me ber i oss, men som fåe nyttar i dag, mykje på grunn av den materielt innretta samtidi som vart fyrehavt i den fyrste bolken av boki. Guénon meiner at den tradisjonelle doktrinen skriv seg frå noko som er større enn menneski sjølv, Gud, um ein vil, og denne doktrinen er difor æveleg og ubriggdeleg. Tilhøvi endrar seg og gjev doktrinen ulik form, men den indre kjernen er konstant, hevdar han. I vår tid høyrer ein rett som det er at det er naudsynlegt å «verna Vesten», men eit slikt synspunkt vil, etter Guénon sitt syn, vera meiningslaust og beint låttelegt: *«Today one hears from many quarters of the 'defense of the West', but unfortunately it does not seem to be understood that it is chiefly against itself that the West needs to be defended, that the greatest and most formidable of the dangers that threaten it stem from its own present tendencies»* (side 91). Det kann då vera noko å tenkja på for nokon kvar i desse Frp-tider med grunt vasespreik um «vestlege verdiar» (som tankevekkjande nok er so langt frå den opphavlege doktrinen at ein kann tala um ein umbyting av verdiar), um ein stikk i strid med Guénon skal vera litt humoristisk og dagspolitisk.

Det kann leggjast imot, må vita, at mykje hev endra seg utanfor Vesten sidan Guénon skreiv dette, og dette kann godt vera eit saksvarande motlegg, for ein kann tvila på um Austen er like hevd bunde i dag som Guénon framstelte det den gongen. Som retorisk punkt hev han kor som er eit poeng. Det er ingen som «trugar» Vesten meir enn han gjer sjølv med dei prosessane den moderne tidi fører med seg. Same kva ein meiner, skal ein nok neppe tolka Guénon som nokonslags umvendt orientalist, (oksidentalist, vert det vel heitande), for han er heile tidi klår på at den opphavlege doktrinen er hyperboreisk i sitt opphav. Ein skal med andre ord helder tala um eit sams, polart opphav for den tradisjonelle doktrinen enn eit slags kunstig skilje millom eit «Vesten» og eit «Austen», jamvel um folk i mange krinsar hevdar at Austen og Vesten er i strid med kvarandre, ikkje minst folk i USA, landet som hev eit økonomisk og imperialistisk motiv for å få folk til å tenkja slik - og som um noko land er det, må reknast som materialismen si høgberg. Motvekta til forfallet er at Vesten vender seg til dei rike uttrykki i den tradisjonelle arven. Der kunde han finna att seg sjølv, og det som er høgare og større enn dei einskilde menneski.

### Den hinduistiske verdi

Det heiter seg at det var meir eller mindre på slump at Guénon enda som konvertitt til sufismen. For han var eigenleg på veg til India, men halvveges fram vart han nekta visum av britane som styrde landet då, og han vart difor verande i Egypt. For, hevdar han, knapt hev ein sett eit

so klårt uttrykk for den tradisjonelle doktrinen som i hindutradisjonen, tufta som han er på dei urgamle vediske skriftene, dei eldste religiøse skriftene ein kjenner til i dag og som enno vert nytta i ein ubrotten tradisjon.

Hinduismen låg alltid nært hjarta til Guénon, og han hevda at den framsynte og den tradisjonelle doktrinen i sin klåraste tilgjengelege essens i dag låg i hinduismen. Skriftstyrarane til boki samanfattar med at: *«The entire Hindu tradition is founded upon the Veda, a scripture which portrays traditional knowledge in its most essential form. Since its origin is considered to be 'non-Human', the Vedic scriptures exude a timeless and immutable quality and convey metaphysical knowledge that possess the character of absolute certainty. In the Hindu world, knowing and being are two aspects of the same reality; theory has its place, so long as it is accompanied by a corresponding realization»* (side 133).

Sume lesarar i våre dagar tykkjer kannhenda at det kann verka framandt å lesa um doktrinar med «ikkje-menneskjeleg opphav», men Guénon er ikkje ein mann som kneler for borgarlege konvensjonar av noko slag. Um ein er ein frilynd lesar, fær ein vera med på litt av ei ferd gjenom det tradisjonelle tilfanget han på det jamne nyttar den tradisjonelle metoden sin på.

For, ein av dei mest grunnleggjande pilarene i den tradisjonelle idéverdi han fremjar er tanken um «under og yver», altså at den menneskjelege røyndi ein ser her på jordi vert atterspegla i ei høgare røynd. Skal ein kunna sanna noko um denne høgare røyndi - og det er målet for Guénon - då kann ein etter Guénon sitt syn finna nokre av dei mest høvelege rettesnorene i den hinduistiske tradisjonen (men i alle andre genuine tradisjons- og religionsuttrykk(4) med) slik han legg det fram i mange tekstar tufta på tradisjonell lærdom.

### Den tradisjonelle verdi

I den siste bolken i boki nyttar Guénon seg av den «tradisjonelle metoden» til å taka fyre seg handfaste utslag av den ævelege doktrinen han greider ut um, millom anna augefer han Gralssoga og symbolismen i henne. Her fortel han at i alle tradisjonar finst det sogor um eitkvart som hev gjenge tapt: *«Every tradition contains such allusions to something which, at a certain time, became lost or hidden. There is, for example, the Hindu Soma – the Persian Haoma – the 'draught of immortality' which has a most direct relationship with the Grail, for the latter is said to be the sacred vessel that contained the blood of Christ, which is also the 'draught of immortality'. In other cases, the symbolism is different: thus according to the Jews it is the pronunciation of the great divine Name which is lost, but the fundamental idea*

*always remains the same[...].»* (side 201). Dette tapet av noko umisteleg er eit emne som Guénon tek upp gong etter gong i sine mange bøker og tekstar, og ein kann nok segja at viljen til å finna att dette tapte elder løynde er det som driv honom til å søkja meir og meir i dei tradisjonelle brunnane etter æveleg visdom.

Ein glup lesar byrjar nok med kvart å skyna kva det er Guénon siktar til, og um han so skriv um islamsk, jødisk, hinduistisk, kristen, heidensk elder nokor onnor form for doktrine, er viset alltid det same og målet likeso. Han ynskjer å syna eit sams opphav attum alle desse sidegreinene, og få lesarane til å finna den vegen som høver deira «personlege likning» best, som han skriv det.

Difor legg han vekt på mangfelde når ein granskar den siste bolken, med mangfelde kann ein tenkja seg ulike huglynde, nasjonalitetar, etnisitetar, kulturalar, kyn og andre tenkjelege variablar som han meiner vil spela inn på kva som er mest høveleg for einskildindividet. Det er ikkje råd at ein berre kann lesa seg til å sanna kva som høver ein best, skriv han, endå um bøker hev ein stor plass i livet til dei som

ynskjer ganga denne vegen, måvita. Ein lyt nysta upp ein tråd gjenom livet, og den tråden fører alltid attende til den same kjelda, um so vegen fram kann vera mangslungen. Eit slags upptak er naudsynt, og den kann ein ikkje få gjenom å sitja og lesa ei bok åleine, men ein lyt søkja seg fram til ei form for livande uttrykk for den læresetningi han fremjar.

#### Oppsummering

Det skal segjast at Guénon ikkje hadde den store voni um å vera i stand til å retta upp den skakkøyrede retningi som Vesten hev slege inn på, men, som han skriv, um berre nokre få i minsto synte seg i stand til å fylgja honom til kjelda, hadde heile livsverket hans vore verd det.

Same kva slags bakgrunn ein skulde ha, skulde det soleides vera mykje å henta for den som vil gje seg i kast med Guénon sine mange bøker, og denne serskilde innføringsboki gjev lesaren eit fint yversyn yver den bodskapen han hev. Um ein so er religiøs elder ei, so skulde ein nok tru at mange lesarar vilde njota den oppdagingsferdi som Guénon tek ein

med på i den tradisjonelle arven, for det er sanneleg spanande og lærerikt å fylgja honom på eit djupdukk i den eldste visdomen som me hev fengje yverlevert frå forfedrane våre. Um ein ynskjer det, vil denne artikkelsamlingi vera ein sers høveleg stad å byrja. So sant ein hev ein nokolunde verksam heile og eit søkjande og ope hjarta.

#### Sluttnotar

1. <http://www.sophiapereennis.com/category/books/rene-guenon-series/> Tilgjengelege på denne lenkja. Sjå dessutan tidskriftet KultOrg, Årgang 11, Nummer 1&2 for underskrivne si melding av "La crise du monde moderne".
2. Kali sin tidsalder, beint umsett. Det grekarane kalla Jarnalderen og våre meir heimlege forfedrar kalla Ulvetidi, elder Ragnarok, um ein vil. Med andre ord den siste tidsalderen, der stoda er på det låkaste.
3. Yver fysikken, eller burtanfor fysikken.
4. Dette kann ein lesa meir um i Platon sine mange verk, til dømes.

## Brennesla

Av Detlef Eichberg

Til liks med baldrian, so høyrer brennesla med til den eldgamle heilkrydderskatten i den folkelege lækjekunna. Medan hobbygartnarar reknar henne for eit ugras, so samlar bestemor jamvel no til dags brennesle i den frie naturi. Brennesla turkar ho slik at ho seinare kann nytta henne i teblandingi si til "blodreingjerande" fyremål.

Faktisk so er brennesla vassdrivande. Difor kann ho nyttast av folk med giktplågor. Dimeir gjer det høge innhaldet av kieselsyre at planta verkar styrkjande for bindevevet.

Som hårvatn gjev brennesla ein blodgjenomstrøymande verknad, og takk vere kieselsyra kann ho gjera hårstrukturen kraftigare. Den auka blodgjenomstrøymingi skriv seg frå maursyra som er å finna i brennesla. Maursyra er samstundes svaret på det store



spursmålet um kvifor brennesla brenn på hudi: Syra er lagra i småe blærer rett under yta på bladi. På yta er blærone kopla til tynne røyr som på enden er stengde av med runde, ballongforma strukturar. Um einkvan tek burti bladet, so brotnar dei ballongforma strukturane, og ut gjenom røyri strøymmer maursyra: Som med ein kanyle vert maursyra sprøytt inn

under hudi. Og då "brenn" det. So langt den folkelege lækjekunna.

Når eg kann kalla brennesla for ei moderne lækjeplanta, som heng dette i hop med vitenskaplege funn frå vår eigi tid. Her hev forskarane funne ut at det i roti åt planta finst sers mykje serotonin.

Dette stoffet stimulerar blodgjenomstrøymingi og hjelper på beinbruskvoksteren. Soleides hev ekstrakt frå brenneslerøter ein god verknad på giktspasientar. Serotonininnhaldet er dessutan grunnen til at brenneslerøter er å finna i planteekstrakt mot prostata-problem. Saman med andre stoff grip serotonin inn i det hormonelle stoffskiftet, og soleides kann voksteren åt prostata-kjertelen bremsast ned.



**NYNORSK  
ANTIKVARIAT**  
www.nynorskantikvariat.no



**Nynorsk Antikvariat AS**  
Hulgata 11  
4900 Tvedestrand  
Telefon 37 16 66 66  
E-post: [tinging@nynorskantikvariat.no](mailto:tinging@nynorskantikvariat.no)

**Antikvariatsbokhandlar  
Arne-Ivar Kjerland**  
E-post: [Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no](mailto:Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no)  
Mobil: 928 29 098

## Pylat-dyna

### Av Elodie Vinandy

Det er på 1930-talet at det gamle namnet "Sabloney" hev vorte skift ut med "la dune du Pilat", Pilat-sanddyna.

Pilat-Sanddyna, den største i sitt slag i Europa, ligg ved inngangen til Arcachon-bassenget, andsynes Pointe du Cap Ferret. Med sine 105 meter i høgdi, 2700 meter i lengdi, 500 meter i breiddi, og 60 millionar kubikkmeter med sand, so hev "den store sanddyna" vorte verande den oftast vitja staden ved den girondinske kystlina (Gironde er eit fransk departement sudvest i Frankrike ved kysten av Biscayabukti, red.) med meir enn ein million mantlyførde gjester kvart år.

Sanddyna vart i 1978 freda på nasjonalt nivå (godkjend som "grand site national"), og ho var soleides ein av dei fyrste stadene i landet som vart rekna som so verdfulle at dei fekk serskilt vern av miljøvernministaren.

Måten sanddyna er vorti dana på, er nett den same som Arguin-banken rett attmed er vorten til på:

Upp gjennom hundradåri hev sjøstraumane drege med seg sand (frå sjøbotnen, frå kysten, og frå Arcachon-bassenget når tidevatnet gjeng nedetter) for å forma Arguin-banken (som på same måten som sanddyna endrar seg jamt og samt). Endelegt kjem dei sterke vindane frå sjøsida som herjar på yta. Med hjelp frå småe vassdropar og frå sandkorn henta upp frå Arguin-banken når tidevatnet er lågt, hev vinden langsamt bygt upp den ovdigre massen av fin sand som Pilat-dyna er i dag.

Pilat-dyna er jamvel eit veldig arkeologisk minnesmerke, som jamt og trutt gjev oss nye vitnemål frå ei kulturell fortid som er rein og ekte, med di ein avdekkjer eit lag av sand som er rikt på liv og saga.

Denne dyna er ikkje utan saga...


Som med ei lang rad av bunkerar reiste



Ein gamal bunker som ikkje fær stå i fred for taggarar.



La Dune du Pylat, sedd frå lufti.



Tverrsnitt av dyna.

av den tyske heren millom 1943 og 1944. Dei fleste av desse er i dag dekte av vatn eller av sand. Men ikkje berre naturi hev gjenge hardt fram mot dei gamle bunkerane. Dei er tydelegt nok sterkt merkte av menneskehand med, og då av ingen andre enn desse som diverre er for dumme til å sjå verdien av historia vår og som ikkje ein gong kunde lata nokre gamle ruinar få stå i fred.

Upp gjennom åri er dyna dessutan ein stad for trening av den franske heren, anten det no skulde vera fallskjermlegionen eller sjølvaste luftforsvaret - som det var ved det millomfolkelege luftraidet i 2011 som gjekk fyre seg frå 20. til 22. mai ved Flybase 120 ved Cazaux, med "Commandant Marzac" som der sikra studnaden.

Dette luftraidet hev samla 52 ulike grupper, franske og utanlandske (tyske, belgiske, kanadiske, italienske og sveitsiske). Med liv og røra både dag og natt hev denne øvingi gjenge fyre seg yver det

meste av landsluten. Og slik er det at det er frå Pilat-dyna at startskotet til landnåmet hev vorte gjeve fredag 20. mai klokka 1700, med eit orienteringslaup på 32 kilometer yver sanden og gjennom barskogen.

Dei som vil upp til toppen av dyna, og det er som alt nemnt meir enn ein million kvart år, hev tvo val. Dei kann anten taka trappone, eller dei kann taka den litt meir "sportslege" utbjodingi med å kava seg upp gjennom sanden. Lukka til, segjer eg berre til dei sistnemnde, for det tek si tid å koma upp når ein for kvart steg søkk djupt ned i den fine sanden. Den panorama-utsikti ein fær når ein når upp til toppen er likevel strevet verd: Vestetter ser ein ut mot Arguin-banken, og nordetter ser ein ein ut mot Arcachon-bassenget og mot halvøyi som danar Cap-Ferret med dei tilhøyrande fiskarlandsbyane. Og i aust hev ein den vidgjetne fugleøyi ("Ile aux Oiseaux") med hyttor som stend på pålar.

Returadresse  
L. B. Marøy  
Eliasmarken 14  
5163 Laksevåg

B



ISSN-1503-2469

## Fjerrsja kann vera fårlegt

Av Olav Torheim

*Når epidemiologane byrjar setja ljostkastarane på "kopeboksen", so kann dei leita fram ovs-tore verknader på folkehelsa. Dette kann me lesa um i eit bladstykkje av Stephane Foucart i franske Le Monde, den 8. oktober 2011.*

Hjå born hev fjernsynet negative verknader både for dei kognitive evnone og for framferdi. Hjå vaksne gjev fjernsynet redusert livealder.

Du vil kanskje ikkje tru det, men resultatet vart nylegt publiserte i British Journal of Sport Medicine: For kvar time som ein nyttar framfor fjernsynet etter å ha passert 25 år, so vert den venta livealderen meinka med 21,8 minutt. Det er konklusjonen at ei australiensk kohort-etterrøkjing gjord i 1999-2000 med heile 12.000 personar. Og um ikkje dette var nok, so hev ein meta-analyse av ei rad ulike kohortstudium, nylegt publisert i prestisjetunge Journal of the American Medical Association (JAMA), kome til liknande konklusjonar.

I ei av dei seinaste utgåvone av tidskriftet Pediatrics kann ein lesa um forskarane Angeline Lillard og Jennifer Peterson som hev studert tri grupper av born, kvar gruppa talde 60 personar: Den fyrste gruppa hadde i ni minutt sett på ein teiknefilm, den andre gruppa hadde sett på eit undervisningsprogram og den tredje gruppa hadde vore upptekne med teikning. Borni var like etter dei nemnde aktivitatane tekne med på fire klassiske testar som skulde mæla konsentrasjonsevnor og logiske evnor. "Ungane som hadde sett på teiknefilmen hadde gjort det signifikant dårlegare enn ungane frå dei to hine gruppone", slær forskarane fast. Gruppa med det beste resultatet var dei som hadde nytta tidi på å teikna. "Berre ni minutt med teiknefilm hev ein negativ verknad på dei mentale funksjonane at eit lite barn", kann dei soleides leggja til.

Resultati yverraskar ikkje i det heile for Frederick Zimmerman ved University of California, Los Angeles, ein av dei mest siterte forskarane når det gjeld fjernsynet sine verknader på småe born. Frå eigi forskning hev han kunna slå fast at kvar time um dagen som born under tri år i gjenomsnitt nyttar til å sjå på kommersielle fjernsynsprogram svarar til ei dubling av risikoen for å uppliva konsentrasjonsproblem fem år seinare. Zimmermann kann kor som

er leggja til noko sers forvitnelegt: Fjernsynsprogram som var laga for å tena eit pedagogisk og byggjande fyremål hadde ikkje denne verknaden i det heile. Det er med andre ord skilnad på kva slags program borni ser på.

Jamvel um denne kunnskapen er lite kjend i ålmenta, er det i vitenskaplege krinsar tala um fakta som det ikkje lenger er store ordskeftet um. Dimitri Christakis ved Washington University, Seattle, slær fast at det millom forskarar i dag er det konsensus um at "[å] sjå på fjernsyn fyre ein hev fylt tvo år er assosiert med sein språkutvikling, veikte kognitive evnor, og, seinare i livet, dårlege resultat på skulen og konsentrasjonsvandumål".

Michel Desmurget, nevrobiolog og forskingsdirektør ved franske Institut national de la sante et de la recherche medicale (Inserm) konkluderar med at "[d]et er ei stor vitenskapleg semja um dei globale skadeverknadene av fjernsynet". Han fortel at "[d]et mest yverraskande for meg var den store vitenskaplege semja um verknadene av fjernsynet på helsa, dei kognitive evnone og på valdsdragnader. På mange omkverve finn ein ofta studium som kjem til motstridande resultat. Men når det gjeld fjernsyn er sovorne resultat sers sjeldsynte. [...] Verknadene som fjernsynet hev på valdsbruk hev vore kjende i sers lang tid, og studium syner at semja i vitenskaplege krinsar er umvendt proporsjonal med den påstått vantage konsensusen som ein i dagspressa fær høyra um."

Alkohol og tobakk kann ikkje seljust utan at det fylgjer med åtvaring um dei skadelege verknadene det hev på helsa. Når det kjem til kosthald, fær me stødt høyra at ein ikkje skal eta for mykje og ikkje for feitt, for søtt eller for salt. Kva tid kjem so den fyrste kampanja der må fær vita ein ikkje skal sjå for mykje på fjernsyn, og at ein lyt taka seg tid til å einast velja ut dei beste programmi for seg sjølv og huslyden sin, spyrr Stephane Foucart seg.

William Dab, andsvarleg for hygiene og tryggleik ved Conservatoire nationale des arts et metiers, syner til at det vantar objektive kriterium for kva som kann reknast for å vera eit ålment helseproblem: "Det er ofta eit resultat av styrketilhøve og ikkje so reint lite lobbyverk-

semd..." Michel Desmurget syner på si sida til at medieindustrien nyttar same slags argumentasjon som tobakksindustrien tidlegare hev nytta seg av, med ordleidingar som at "studia er påverka", "forskarane hev laga ein rengd versjon", "vitskapsmennene ynskjer å diktera", og so burtetter.

For tobakken sin part hev det ofta vorte drege fram som eit argument at røykjing hev positive sosiale verknader (dei viktugaste ordskefti på mange arbeidsplassar gjeng fyre seg på røykjeromet). På same måten hev medieindustrien hævda at fjernsynet hev opna det offentlege romet og gjeve fleire menneske tilgang til det demokratiske ordskeftet, men her gøymer det seg ikkje so reint fæe mytar: Når fjernsynet byrja nå ut til massane på 1970-talet, førde det til eit drastisk fall i frammøtet på stader der folk normalt knyter sosiale band (skjenkjestover, friviljuge organisasjonar, idrottslag osv). Fjernsynet er snarare eit instrument for å bringa den same bodskapen ut til isolerte einskindindivider.

Denne verknaden kann ein sers tydelegt sjå frå eit unikt studium frå Canada. I 1973 fekk Tannis Macbeth, psykolog ved universitetet i British Columbia, vita at ein liten by i nærleiken, til dessar utan tilgjenge til TV-sendingar, snart skulde få fjernsynsdekning. Han sette då i gang eit studium som gjekk fyre seg i eitt år fyre og tvo år etter at fjernsynet var kome til byen. Under seg hadde han 13 andre forskarar, og med tusundtals innsamla data kom dei til eit eintydig resultat: Etter at fjernsynet kom, vart talet på slagsmål i skulegarden tridubla, og skuleelevane hadde jamt yver fenge dårlegare lesetame. Eit eksperiment der borni fekk sjå på ymse slags fysiske gjenstandar, og dinæst gjera framlegg um kva dei kunde brukast til, synte vidare at fyrestellingsevna deira hadde vore 40 prosent betre fyre fjernsynet kom til. Den sport-slege aktiviteten millom unge hadde samstundes gjenge ned med 25 prosent millom born og unge, og med heile 40 prosent millom dei vaksne.

### Sluttordet:

*Det er skilnad på målmann og mållagsmann.*

*Gamalt målrørsle-ordtøkje*

*Målmannen treng folk som skriv høgnorsk.  
Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!*